	Grunnriss/Hjelpelinje
	Flaqqstang
	Flytebrygge
	Flytebrygge kant
	Frittstående trapp
	Frittstående trapp kant
	Kai/Brygge
	Kai/Brygge kant
	Frittstående mur
	Lodrett forstetningmur
	Skrå forstetningmur avqrensning
	Oppdrettsmerder
	Rørgate
	Steinqjerde
	Tank
	Tank kant
	Bru
	Bruavgrensning

Vegsituasjon

	Stikkrenne
--	------------

Annen naturinformasjon


	Hekk
	Stein omriss

Kulturminner

	Kulturminne R
	Kulturminne K
	Kulturminneqrense


Høydeinformasjon

	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 5m
	Forsenkningkurve 1m
	Toppunkt



1:10000

15.06.2015



Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

Kyst

	Havflate
	Kystkontur
	Skjær

Innsjøer og vassdrag

	Innsjø
	Innsjøkant
	Elv/Bekk
	Elv/Bekk usikker
	Elv/Bekk
	Kanal/Grøft
	Kanal/Grøft

Vegsituasjon

	Veg
	Ytterkant fortau
	Annet vegareal
	Middeler/Trafikkøy
	Avgrensing mot annet vegareal
	Avgrensing mot avkjørsel
	Gang/Sykkelveg
	Parkeringsplass kant
	Autovern
	Vegdekkekant i tunnel
	Vegdekkekant
	Gang/Sykkelveg kant
	Gangveqkant

Annen samferdsel

	Traktor/Kjerreveq kant
--	------------------------

Bygningsmessige anlegg

	Annet ojerde
	Grunnriss/Hjelpelinje
	Flaggstang
	Flytebrygge
	Flytebrygge kant
	Frittstående trapp
	Frittstående trapp kant
	Kai/Brygge
	Kai/Brygge kant
	Frittstående mur
	Lodrett forstøtningmur
	Skrå forstøtningmur avgrensning
	Oppdrettsmerder
	Rørgate
	Slipp/Kranqanq
	Steinjerde
	Tank
	Tank kant
	Tribune kant
	Bru
	Bruavgrensning

Vegsituasjon

	Stikkrenne
--	------------

Annen naturinformasjon

	Alle ubestemt
	Hekk
	Stein omriss

Kulturminner

	Kulturminne R
	Kulturminne K
	Kulturminnegrense

Høydeinformasjon

	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 5m
	Forsenkningkurve 1m
	Toppunkt

Bygninger

	Bygningsdelelinje
	Grunnmur
	Bygning - Boliqbyqq
	Bygning - Andre byqq
	Annen bygning
	Takriss
	Takoverbyqq
	Takoverbyqq kant
	Trapp inntil byqq, kant
	Veranda
	Bygningslinje
	Takspranq
	Mønelinje
	Låvebru

Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)

	Godkj. Nybyqq
	Godkj. Tilbyqq
	Godkj. Påbyqq
	Godkj. Tiltak
	Uspes. Tiltak
	Omriss Tiltak
	Godkj. Nyb./Tilb./Påb.

DEK Kvalitet

	Gårds- og bruksnummer
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta

Adresser

	Adressepunkt tekst
--	--------------------

Stedsnavn og andre tekster

Abc	Navn på terrenqform, stor skrift
Abc	Navn på terrenqform, liten skrift
Abc	Navn på terrenqform, stor skrift
Abc	Navn på kyst, stor skrift
Abc	Navn på kyst, liten skrift
Abc	Navn på vann, stor skrift
Abc	Navn på vann, liten skrift
Abc	Navn på landobjekter i vann, høyrehellende
Abc	Navn på bebyggelse, stor skrift
Abc	Navn på bebyggelse, middels skrift
Abc	Navn på gårder
Abc	Navn på berqverk, industri, institusjoner
Abc	Navn på samferdsel



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2015/821
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
133/15	Formannskapet	07.07.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGE GNR.5 BNR.3 MFL. - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for Teige gnr. 5 bnr. 3 på Nerlandsøy med basis i skissert planavgrensing, journalført 16.06.2015.

Særutskrift:

Siv. Ing. Svein Holmen – Arealplanlegging, Postboks 319, 6101 Volda

Vedlegg

- 1 Søknad om oppstart for B5 Teige, journalført 16.6.2015
- 2 Utvida planområde for B5 Teige, journalført 16.6.2015

Saksopplysningar:

BAKGRUNN FOR OG FORMÅL MED PROSJEKTET

Siv.Ing. Svein Holmen har på vegne av grunneigar søkt om oppstart av planarbeid for eit nærmare avgrensa område på Teige på Nerlandsøy. Planområdet omfattar heile eller delar av eigedomane gnr. 5 bnr. 3, 31 og 51. Gnr. 5 bnr. 51 er fv.21 og planarbeidet skisserar ei ny avkøyrsløse frå fylkesvegen som tilkomst til området. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustadar. Søknaden er journalført 16.06.2015.

PLANSTATUS OG PLANPROSESS

Det vart gjennomført oppstartsmøte for planarbeidet 15.6.2015. Område det er søkte oppstart for er delar av B5 på Teige på Nerlandsøy. Arealet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til bustadføremål med krav om reguleringsplan. Arealutnyttinga og plan for område er i tråd med kommuneplanen og kommunen hadde få merknadar på det tidspunktet. Planområdet vart utvida noko der tiltakshavar ser føre seg ny avkøyrsløse frå fv.21. Revidert planavgrensing vart sendt inn 16.6.2015 og ligg vedlagt saka

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket har ingen beredskapsmessige konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Tiltaket vil heller ikkje ha driftsmessige konsekvensar.

Konsekvensar for økonomi:

Tiltaket vil ikkje få noko form for økonomiske konsekvensar for kommunen.

Det omsøkte tiltaket er ei detaljregulering i medhald av PBL § 12-3. Rådmannen viser elles til at det skisserte planformålet er i samsvar med arealbruken i kommuneplanen og rår på dette grunnlag til at det vert gjeve løyve til oppstart av detaljreguleringsarbeid i medhald av PBL § 12-8.

Fosnavåg, 16.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Til
Formannskapet i Herøy kommune,
Rådhuset
6092 Fosnavåg

Søknad om løyve til å utarbeide privat detaljreguleringsplan

Vi søker med dette om løyve til å utarbeide privat detaljregulering for del av bustadområdet B5 - Teige på Nerlandsøya i Herøy kommune. Lokalisering og avgrensing er synt på vedlagt skisse. Grunngeving for avgrensinga er gjeve i skissa.


Vi legg opp til arealbruk i samsvar med den nye kommuneplanen for Herøy.
Nødvendige opplysningar i saka er lagt ved.

Vi ynskjer vedtak i saka før ferien.

Desse er grunneigarar i området:

gnr	brnr	Eigar / heimelshavar	
5	3	Oddlaug Kari Teige v/John Olav Teige	Postboks 10, 6099 Fosnavåg
	31	Oddlaug Kari Teige v/John Olav Teige	Postboks 10, 6099 Fosnavåg

Nerlandsøya 15.juni 2015
For grunneigarane



Svein Holmen, plankonsulent.

Vedlegg:

- Referat frå oppstartmøtet 15.juni -15
- Oversiktskart
- Program for arbeidet



HERØY KOMMUNE

BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN

Skjema skal fyllast ut og sendast til: postmottak@heroy.kommune.no

Møtet vil normalt kunne gjennomførast innan **3-5 veker** frå bestilling. Forslagstillar vil i løpet av få dagar bli kontakta om forslag til møtetidspunkt. Alle møter vert haldne på Herøy rådhus (Fosnavåg). Punkt 1-4 i dette skjema må fyllast ut. Vedlegg 1-3 må følgje bestillingsskjema.

1. Følgjande dokument må leggjast ved bestilling av oppstartsmøte (kryss av):

- Vedlegg 1 - **Kartutsnitt** med forslag til plangrense (www.sunnmorskart.no)
- Vedlegg 2 - **Kartskisse** (forslag til arealbruk, vegføring, plassering av bygg etc)
- Vedlegg 3 - **Notat** (skildring, intensjonen, innhald, utfordringar i plan etc)

NB! Notat / følgeskriv bør ikkje vere på meir enn maks 1 A4-side. Forslag til namn bør utformast slik: "Detaljregulering for....., gnr.... bnr.. m.fl"

2. Forslag til namn på plan: "Teige - gnr 5, brnr 3 mfl"

3a. Aktuelle problemstillingar i plan (bruk s.2 dersom feltet er for lite):

Detaljregulering (samsvar med arealdelen i ny kommuneplan)

Planområdet omfattar eigedomane: gnr.5, brnr:
Sjå ellers avgrensinga på vedlegg nr 1

+3,31

4. Følgjande personar vil delta på oppstartsmøte:

Rolle	Namn	Tlf	E-post
Forslagstillar	Eigarane v/ John Olav Teige	95 78 22 25	joteige@gmail.com
Plankonsulent	Svein Holmen Arealplanlegging	90844415	svein.l.holmen@gmail.com

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

Sak:	
Møtestad:	Møtedato: 15.6.2015
Deltakarar:	
Frå forslagsstillar	Frå kommunen
Eigarane v John Olav Teige Svein Holmen - plankonsulent	Jar I Martin Mølke Ole Magne Rotevold
	Andre:

1. Planføresetnader
Plantype
<input type="checkbox"/> Områderegulering
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering
<input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan
Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel..... Ny kommuneplan vedteken i 2014
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan.....
Bebyggelsesplan.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:
.....
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte delar av følgjande planar:
.....
Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)
Tiltakshavar kjem med <u>framlegg til avgrensing av planområdet</u> . Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet. (Sjå vedlegg)

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål
Gjennomføring av kommuneplanen. Bustadføreml

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn: " Detaljregulering for Teige, gnr. 5 br. 3 mfl

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

- Planforslaget er i samsvar med overordna plan.
 Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad:.....

Pågåande planarbeid

- Det pågår ikkje anna planarbeid i området
 Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad: Ikke som vi kjenner til.....

Planprogram

Utløyer planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: Samsvar med kommunedelplan sin arealdel.....

Konsekvensutgreiing

Utløyer planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: Ikke aktuelt.....

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

- Kommunale vedtekter/forskrift
- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ
- Kommunale retningslinjer
- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar
- Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

3. Viktige vurderingar	
<p>3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)</p> <p>3.2. Strandsona til sjø og vassdrag</p> <p>3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar</p> <p>3.4 Miljøvern faglege vurderingar</p> <p>3.5 Kulturlandskap og kulturminne</p> <p>3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)</p> <p>3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser</p> <p>3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikksikkerheit, støy</p> <p>3.9 Kommunaltekniske anlegg</p> <p>3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen</p> <p><input type="checkbox"/> Anna:</p>	<p>Spesielle forhold – tilleggsopplysningar:</p> <p>Friluftssinteresser?</p> <p>Delar av B5 ligg på dyrka mark</p> <p>Registrering av Biologisk mangfald? Ingen særlege krav på dette tidspunktet</p> <p>Her er registrert fleire automatisk freda kulturminne, men alle desse ligg på sørsida av Fv21. Fylkeskommunen stiller krav ved oppstart.</p> <p>Standard skjema må ligge ved</p> <p>Vil planen bli tilpassa desse gruppene? Kraav i føresogna til areal del til beiksplass</p> <p>Alt. traséar for ny Fv 21 mot Kvalsvika? Bik-tingje i kryss til Fv21. Kan vere behov for å utvide planområdet i kryss.</p> <p>Skal nytte eksisterande kommunaltekniske anlegg privat vassverk. Kommunalt avløpsnett</p>
4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:	
<p>Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan</p> <p>Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg</p>	<p>Merknad:</p> <p>Vi leverer i Euref koord.system og sosi 4.5 format i samsvar med nasjonal produktspesifikasjon</p>
5. Kommunalteknisk anlegg	
<p>Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.</p>	<p>Merknad:</p>

<input type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	
<input type="checkbox"/> Tiltaket utløyer krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	



6. Kommunen sine råd og vurderingar
Er planforslaget i samsvar med overordna plan? <i>Ja</i>
Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? <i>Ja</i>
Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? <i>Ja</i>
Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? <i>Ja</i>
Vidare saksgang: <i>Dersom plankonsulent kan levere skisnad om oppstart i løpet av kort tid (s.earst i løpet av vete 25) kan saka fremjast for Formannskapet</i> Anna:
7. Stadfesting
Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato... *Fosnavåg, 15.6.*... 2015

Representantar frå kommunen: *[Signature]* *Olav Magne Rindor*

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar... *Svein Holmen*
 Svein Holmen / John Olav Teige




Vi omsøker no B5-1 på skissa.

Planavgrensning og føremål er i samsvar med den nye kommuneplanen for Herøy. (B5) Vårt planområde utgjør berre ein mindre del av B5. I utgangspunktet ville vi helst ta med ein større del (markert som B5-2 på kartet) men vi møter her utfordringar med tilkomst som ikkje utan vidare kan løysast innanfor avgrensinga til B5. Vi starter difor no opp med det som her er markert som B5-1.

Føremål / utbyggingstype

Området skal planleggast for frittliggende småhus – villabebyggelse. Feltet skal ha tilkomst frå eksisterande vegsystem - Fv21 og skal ta vassforsyning frå vassverket og avlaup til eksisterande kommunalt system.



PROGRAM FOR ARBEIDET: oversikt over arbeid og framdrift:
Reguleringsplan (detaljplan) for: **Del av B5 på Nerlandsøya,**
Herøy kommune Gnr.5, brnr: 3, 31

Område for frittliggende småhus

Innhald:

- 1: Bakgrunn
- 2: Lovgrunnlag og føremål
- 3: Planprosess, organisering og framdrift :
- 4: Tilhøvet til eksisterande planar
- 5: Utbyggingstype:
- 6: Nødvendige utgreiingar
- 7: ROS- eksisterande situasjon

1: Bakgrunn

Områda nord for Fv21 frobi Teige er i den nye kommuneplanen avsett til Bustadføremål – B5 Eigarane ynskjer no å utarbeide detaljplan for bygging på desse områda i samsvar med kommune- delplanen sin bestemmelse.

2: Lovgrunnlag og føremål

Planen for B5 skal utarbeidast som detaljregulering i samsvar med reglane i PBL § 12-3. Planen utløyser ikkje krav om planprogram eller KU (Jf PBL § 4-2 samt forskrift om KU)


Føremål / utbyggingstype

Området skal planleggast for frittliggende småhus - villabebyggelse

Feltet skal ha tilkomst frå eksisterande vegsystem - Fv21 og skal ta vassforsyning frå vassverket og avlaup til eksisterande kommunalt system.

Planområdet omfattar eigedomane: Gnr.5, brnr: 3, 31 og

På bildet til høgre er vårt område markert med skravur og nemning B5-1



3: Planprosess og medverknad:

PROSESS, Detaljplan (PBL§12-3)	Forum / Deltakarar / Kunnskapsbase	Framdrift
Forarbeid: Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av bakgrunnsmateriale	Tiltakshavar, Plankonsulent, H Kommune	1-14.juni -15
Oppstartkonferanse: Kommunale føringar og føresetnader	Tiltakshavar, Plankonsulent, H Kommune, planadm.	15.juni -15
Søknad til formannskapet om løyve til å utarbeide privat reguleringsframlegg	Tiltakshavar, plankonsulent, Formannskapet	15.juni -15
Utarbeiding av forvarslingsdokument	Plankonsulent / tiltakshavar	
Forvarsling: <u>Annonsering.</u> <u>Utsending</u> til rørd partar: Høyringsperiode: Høyring på plandokument og planprogram - 6 vekers frist for innspel Merknadshandsaming – Konfliktavklaring: Gjennomgang av innkomne merknadar. Avklaring av motsegner / protestar Konklusjon etter forvarslinga. RAPPORT	Lokalavisa "Vestlandsnytt" og Herøy kommune si heimeside Eigarar, fagutval, off.organ og lag / organisasjonar Alle høyringspartane Plankonsulent - merknadsorgan. Plankonsulent / Volda kommune.	
Utarbeiding av planframlegg Utgreiingar: A: Natur og landskap B: Friluftsliv. C: ROS-analyse D: Universell utforming E: Arkeologisk registrering Plandokumenta: -Plankart SOSI 4.5 -Føresegner, -Planomtale m utgreiingane Korrigerer etter kvalitetskontroll i kommunen: Kontroll før innsending av planframlegg	Plankonsulent - Kommune Fylket sine naturbaser Kommunale fagorgan. Plankonsulent Plankonsulent(korrigeringsarbeid). – kommuneadm. kontroll	
Kommunalt plangebyr: Fakturerast direkte til tiltakshavar	kommuneadministrasjonen	
Kommunal slutthandsaming : Vedtak om off. ettersyn Off. ettersyn i 6 veker Planvedtak – innstilling til K.styret Eigengodkjenning Utlysing av vedtaket med klagefrist	Formannskapet Kommuneadministrasjonen Formannskapet Kommunestyret: Kommuneadministrasjonen	

4: Tilhøvet til eksisterande planar

Planavgrensing og føremål er i samsvar med det nye kommuneplanframlegget for Herøy.

Dette er illustrert på s.2

Vårt planområde utgjør berre ein mindre del av B5 i kommuneplanen. I utgangspunktet ville vi helst ta med ein større del (markert som B5-2 på kartet s2) men vi møter her utfordringar med tilkomst som ikkje utan vidare kan løysast innanfor avgrensinga til B5. Vi starter difor no opp med det som her er markert som B5-1.

5: Utbyggingstype:

Området skal regulert til frittliggande småhus med tilhøyrande infrastruktur. Vi tenker oss her tomter for tradisjonell villabebyggelse. Tilkost skal takast frå eksisterande Fv21. Planområdet skal ta vassforsyning frå vassverket og avlaupet skal handterast i privat fellesanlegg

6: Nødvendige utgreiingar

I Planomtalen vil vi ta med desse utgreiingstema:

a: Natur- og landskap:

Området ligg ope og synleg frå sentrale delar av Nerlandsøya og frå tilførslevegane til alle delar av øya. I tillegg til kommuneplanen sitt regelverk vil vi gjere ei vurdering av topografi og landskap samt ei registrering av eksisterande byggestil i området som ei grunngeving for det regelverket vi velger m.o.t høgde- og utforming av bygga. Dette skal innlemmast i planomtalen. Sjå bilete på n s.

c: Friluftsliv

Området ligg tett opp til skogkanten med fri utmark (felleseige) i ryggen. I følge kommuneplanen kjem her noko meir villabebyggelse ovanfor vårt felt, og det er då viktig å sikre grønne korridorar for friluftferdsle gjennom felta og ut i utmarka.

e: Naturvern.

Her er vanleg kystnorsk dyre- og planteliv og ingen registrerte raudlistearter eller annan spesielt verneverdig flora og fauna (GIS-link / Naturbase). Kommunen stiller ikkje krav om spesielle registreringar av biologisk mangfald.



d: Arkeologi.

Her er mange registrerte fortidsminner på Teigane, men førebels ingen registreringar innanfor vårt planområde. (Sjå utsnitt av registreringane frå GIS-link nedanfor)

Vi rekner med at det vert aktuelt med arkeologisk registrering, og at dette må gjerast etter forvarslinga i planutarbeidingsfasen. Rapport skal innarbeidast i planomtalen. Tiltakshavar må koste registreringa.



d: Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse):

Det skal utarbeidast ei enkel ROS-analyse for området etter fylkeskommunen sin standard.

e: Ny omlagt Fv

I det nye kommuneplanframlegget er fylkesvegen mot Kvalsvika lagt om langs sjøen ved Teigane og på skrå opp mot svingen over Teigeneset. Dette vil på sikt avlaste noverande Fv21 forbi vårt planområde.

ROS:

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	?	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	F	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	X	
Omgivnad	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?		
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjere spesiell fare (stup etc.)?	X	
Verksemds-risiko	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Brann/ulykkesberedskap	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Infrastruktur	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	?	
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	b	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
	c	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
Vassforsyning	a	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		
	b	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
		Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	

FORVARSLING AV REGULERINGSARBEID B5 PÅ TEIGE, NERLANDSØYA

Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X X X X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den ___/___ - ___ av sign: _____

Punkt som må undersøkast nærare:

Lausmasseavsetning / Utglidningsfare:

Marine avsetningar? – dette må undersøkast nærare

Radongass.

Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon er knytt til forekomst av alun-skifer, men vi veit ikkje om det er alun-skifer i grunnen her. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m³ inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit her, men dette kan forekomme svært lokalt – så det er omtrent umogleg å vite sikkert


Frå Statens strålevern saksar vi:

....”Statens strålevern anbefaler ikkje undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok.....”.

Vi legg ikkje opp til å undersøke forekomst av Radongass, men satser i staden på tett sålekonstruksjon på alle bygg i planområdet og god ventilasjon som preventivt avbøtande tiltak.

Brannvatn:

Slokkevasskapasiteten må klarleggast. Om her ikkje er tilstrekkeleg trykkvatn frå vassverket og heller ikkje tilgjengeleg overflatevatn (elv/bekk) må vegsystemet dimensjonerast for tankbil.





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2015/740
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
134/15	Formannskapet	07.07.2015

REGULERING AV NÆRINGSOMRÅDE I MYRVÅG - AVKLARING

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet meiner utvikling av næringsområda i Myrvåg må gjennomførast i kommunal regi og at kommunen bør vurdere å stå for grunnkjøp, regulering og seinare utbygging/tilrettelegging og sal av tomter innanfor område N3, N4 og N26 i Myrvåg.

Særutskrift:

- Sporstøl Arkitekter AS
- Anlegg- og driftsavdelinga

Bakgrunn/saksopplysningar:

Sporstøl Arkitekter AS har på vegne av gnr. 45, bnr. 1 teke initiativ til oppstartsmøte med tanke på utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit større område i Myrvåg.


Planstatus

Kommuneplanen sin arealdel

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel, kom det inn ønske frå gnr. 45, bnr. 1, 2, 7 og 8 mfl. om utlegging av areal til næringsformål i Myrvåg. Området ligg sør for fylkesveg 654 i Myrvåg.

Områda vart, som ein del av planprosessen vurdert i forhold til «Forskrift om konsekvensutgreiingar og planlegging etter plan- og bygningslova (KU)», og føreslege lagt ut til næringsformål i kommuneplanen.

Kommuneplanen sin arealdel vart godkjent i kommunestyret 30.10.2014. I planen er det lagt ut 88 daa til næringsområde (N3) mellom fylkesvegen og Djupvikvatnet sør for fylkesveg 654 (46/3 og 45/1). Vidare er det lagt ut 23 daa til næringsområde (N26) på austsida av fylkesveg 61 (ned mot Makrellvågen). I fortsettelsen av N26, til krysset med Kjeldsundvegen er det lagt ut 142 daa til næringsområde (N4). N3 og N4 er tenkt nytta til næringsområde, medan N26 er sett av for plassering av reine overskotsmasser. Kommunen har akutt behov for eit område der det kan plasserast «overskotsmasser/skrotmasser» og N26 er vurdert som eigna som slikt område. Området vil også ha potensiale til å kunne nyttast til næringsformål etter at det er fylt opp.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel, 2013-2015

Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for områda.

Formannskapet vedtok i møte 20.1.2015, f-sak 5/15, at sak knytt til industriområde i Myrvåg skulle gjevast prioritet. Saka vart også kort drøfta i samband med SSR sin førespurnad om etablering av eit anlegg i området.

Tilgjengeleg næringsareal i Myrvåg

Det er fleire ledige næringsstomter på nordsida av fylkesveg 654 i Myrvåg. Kapasiteten vert vurdert som god (ca. 60 daa ledig areal). Tomtene er lett tilgjengeleg og VA er klargjort.

Planinitiativ

Etter initiativ frå Sporstøl Arkitekter AS og eigar av gnr. 45, bnr. 1, vart det gjennomført drøftingsmøte 17. februar 2015. Administrasjonen gav i møtet klart uttrykk for at spørsmål om oppstart av planarbeid må handsamast i formannskapet, og at administrasjonen si tilråding i saka truleg vil vere negativ. Dette med bakgrunn i at alle næringsformåla i Myrvåg (N3, N4 og N26) bør sjåast i samanheng.

Sporstøl Arkitekter AS ved Bjørnar Sporstøl har no sendt inn førespurnad om oppstartsmøte – detaljregulering for næringsområde N3 i Myrvåg (gnr. 45, bnr. 1). Tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for kombinert næringsformål for forretning, kontor og industri innanfor område N3.

Vurdering og konklusjon:

Kven skal utvikle og byggje ut områda?

Kommunen har sikra naudsynt næringsareal i kommuneplanen. Kommunen må ta stilling til deira rolle i høve til utvikling av næringsareal i Myrvåg. Utvikling med tilrettelegging for ny næringsverksemd innanfor dei aktuelle områda vil verte store og krevjande oppgåver. Hovudutfordringa vil vere å finne tilfredsstillande avkøyrslar til næringsareala (sikt, tal avkøyrslar på kort strekning). Omsynet til god terrenghandsaming og terrengtilpassing inn mot attraktive friluftsområde vil også bli ei utfordring (Djupvikvatnet og Makrellvågen). Estetikk er eit anna sentralt moment (lokalisering av veg, skjering/fylling mm).


I samband med utbygging vil relativt store område måtte klargjerast samtidig ved at deler av areala må masseutskiftast og tilførast masse frå andre deler av området. Investeringane kan såleis verte bydelege før ein får klargjort områda for sal/utbygging.

Rekkjefølgje på regulering/utbygging

Etter rådmannen si vurdering vil det vil vere nærliggjande å starte med å utvikle område N3. På den måten vil ein få ei naturleg vidareføring og utviding av eksisterande industri- og serviceområde. Utfordringane knytt til terrengbehandling og terrengtilpassing vil truleg verte større for N4 samanlikna med N3, noko som kanskje tilseier ein lengre og meir omfattande planprosess. N3 og N4 må sjåast på samtidig.

Framtidig status og trafikkmengde på FV 61 lyt også takast med i vurderinga knytt til framtidig utvikling i området. Dersom deler av dei prosjekta som er aktualisert på FV 61 sørover mot Florø skulle bli realisert, vil det kunne innebere ein vesentleg auke i trafikken på vegen. Spørsmål om FV 61 då skal vere leiande og med tilknytning til FV 654 (omvendt av det ein no har) vil kunne verte tema.

Ei slik omlegging vil få konsekvensar for utnytting av N4. Også av sistnemnde grunn kan det vere fornuftig å halde på ei utviklingsrekkefølge som nemnt innleiingsvis.



Mogleg framtidig omlegging av fv 61

Næringsverksemd

Områda er i kommuneplanen lagt ut til næringsområde og det er krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Kva aktivitet ønskjer ein å leggje til rette for i området? Forretning, kontor og industri ? Skal det vere rom for plasskrevjande verksemdar, som har behov for store/høge bygningar eller mykje utandørs lagring og som gjerne fører med seg støy? Kva med daglegvarehandel i området? Eller skal det leggjast til rette for mindre næringsverksemdar?

Konklusjon:

Kommunen har pr. i dag ikkje teke stilling til om gjennomføring av plan/utbygging av området i Myrvåg skal skje i kommunal regi.

Kommunen er kjent med at private aktørar ønskjer å ta på seg ei utviklingsrolle innanfor område N3.

Rådmannen meiner utvikling av næringsområda i Myrvåg må gjennomførast i kommunal regi og at kommunen bør vurdere å stå for grunnkjøp, regulering og seinare utbygging/tilrettelegging og sal av tomter innanfor område N3, N4 og N26 i Myrvåg. Utviklingsavdelinga har av kapasitetsmessige årsaker ikkje ressursar til oppstart av planarbeid før våren 2016.

Dersom kommunen vil opne for privat realisering, må ein stille krav om at område N3, N4 og N26 må regulerast samstundes.

Fosnavåg, 15.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/525
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
135/15	Formannskapet	07.07.2015

PRIORITERING AV UTBYGGINGSOPPGÅVER - INNSPEL TIL BUDSJETTPROSESSEN

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet tek innspela til vitande og legg desse til grunn i sitt vidare budsjettarbeid for periode 2016-2019.

Særutskrift:
Økonomi
Anlegg og drift
Kultur
Utvikling

Vedlegg:

Prioritert handlingsprogram 2015- 2018.
Anleggsprosjektliste

Saksopplysningar:

I samband med budsjettprossen ønskjer ein å legge fram aktuelle utbyggingsoppgåver som administrasjonen ser grunnlag for å prioritere i 2016. Utbyggingsoppgåvene omfattar tiltak for avdelingane Kulturavdelinga, Anlegg og drift og Utviklingsavdelinga. Dersom formannskapet samtykkjer i administrasjonen sine vurderingar vert desse tiltaka å innarbeide i neste års budsjett.

Det er ført samtala mellom involverte avdelingar og ein har lagt til grunn tidlegare års budsjett og økonomiplan, vedtatte handlingsprogram og avdelingsvise status/prioriteringslister.

Kulturavdelinga.

Kommunestyret sitt førande vedtak på investeringar på *Ordinære anlegg/rehabilitering for friluftsliv* er at :

- *Tiltaka i handlingsprogrammet som er avhengig av kommunal medfinansiering, kan ikkje setjast i verk før dei er politisk behandla.*
- *Tiltak som ikkje er avhengig av økonomiske midlar frå kommunen, kan setjast i verk dersom dei er førehandsgodkjent i kommunen og finansieringa er godkjent*

Når det gjeld kommunal medfinansiering, forskottering, kan tiltak forskotterast av kommunen på to ulike måtar, driftsfond eller kortsiktig fordring.

Proessen med å godkjenne dei ulike anlegg som søker spelemidler er som følgjer:

1. Søknad mottas av kommunen som viser samla finanseringsbehov som eks. RDA, sponsor, egenandel og spelemidler.
2. Det vert gjort ei idrettsfunksjonell vurdering med omsyn til spelemidler.
 - a. Politisk behandling i komite for næring, idrett og kultur som videresender saka til kommunestyret for endeleg godkjenning, frist til kommunen 1 oktober.
 - b. Saka vert oversendt til fylkeskommunen for handsaming med omsyn til spelemidler, frist 15 januar
3. Fylkeskommunen treff vedtak i saka, og orienterar utbygger seinast 1 juli.
4. Tiltak vert lagt inn i investeringsbudsjettet til kommunen

Det er 25 anlegg som er prioriterte i gjeldande handlingsprogram for perioda 2015 til 2018.

Dei fire prosjekta (Sunnmørsbadet, kunstgras Bergsøy stadion, kunstgras Gurskøy IL og klubblokale Bergsøy) som er bygde ut på Ordinære anlegg jfr. Pkt 7.1 har alle fått godkjent sine søknader med omsyn til spelemidler. I gjeldande plan ligg der inn refusjonskrav på 22 250 000 kroner på spelemidler. For 2015 er det tildelt 1 800 000 kroner i refusjon frå fylket til kommunen, så samla refusjonskrav er på 20 450 000 kroner frå 2016 og utover.

Dei tre prosjekta (Skatebane og paviljong Tjørnvåg, tennisbane Tjørnvåg, lågterskeltilbod tursti Heid) som er bygde ut på nærmiljøanlegg jfr. Pkt 7.2 har alle fått godkjent sine søknader med omsyn til spelemidler. I gjeldande plan ligg der inn refusjonskrav på 600 000 kroner på spelemidler. For 2015 er det tildelt 300 000 kroner i refusjon frå fylket til kommunen, så samla refusjonskrav er på 300 000 kroner frå 2016 og utover.

Utviklingsavdelinga.

Ein har vurdert tiltak innanfor område fylkeskommunale og statlege prosjekt, tomtesituasjon og byutvikling.

Ein har laga ei oppstilling på fylkeskommunale og statlege prosjekt som berører kommunen og gjort ei vurdering av kva vil desse prosjekta krevje av involvering frå kommunen si side.

Skarabakken :

Breddeutviding og fortau. I tråd med kommunestyresak 51/12, jfr. sak 12/594. Kommunen har fått dei første skissene av prosjektet.

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram på programområde **mindre utbetringar** med kr 18 700 000. Det er planlagt oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 10 000 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23. Tiltaket har kome fram to plassar på investeringsprogrammet og står no med prioritet 4.

Kommunen har søkt om å forskottere prosjektet med kr 500 000 i planleggingsmidler i 2015, kr 8 200 000 i 2016. Fullfinansiering med fylket si bevilgning på kr 10 000 000 i 2017. Refusjon av kostnadar vert då etter 2018. Fylkestinget har gitt løyve til forskottering jfr. Vedtak i fylkestinget juni 2015.

Saka vert vidare følgd opp av Statens vegvesen og det er planlagt felles byggemøte rett over sommaren. Herøy kommune skal vere med på eigedomsforhandlingar.

Økonomiplan kommune:

Oppgradering vegkryss Skarabakken- 600 000 (overført frå tidlegare år)
Skarabakken planlegging – 500 000 (2015)
Skarabakken utbygging – 8 200 000 (2016)

Frøystadtoppen:

Den planlagte undergangen er lokalisert på Frøystad, Fv 654. Undergangen vert vurdert til å vere viktig med omsyn til legge til rette for ein sikker skuleveg frå dei ulike bustadområda på Frøystad og Espeset mot Einedalen skule.

Investeringsprogram MR Fylke:

Tiltaket ligg inne i MR fylke sitt investeringsprogram med kr 22 300 000. Det er planlagt oppstart av prosjektet i 2017 med ein kostnad på kr 4 700 000. Restbeløpet ligg inne i periode 2018-23.

Tiltaket er inne på programområde **trafikktryggingstiltak** med prioritet 5. Saka vert vidare følgt opp av Statens vegvesen og det er planlagt felles byggemøte rett over sommaren.

Økonomiplan kommune:

Frøystadtoppen vart lagt inn i økonomiplanen til kommunen 2014 med totalt kr 15 000 000 (kr 500 000 i 2014, kr 13 000 000 i 2015 og restløyving kr 1 500 000 i 2016)

Tilråding frå administrasjonen i budsjettbehandlinga var at ein råde til at det vert satt av planleggingsmidlar for prosjektet i 2015 med kr 500 000, utbygging med 18 800 000 kroner i 2016 og fullfinansiert med fylkeskommunen si bevilgning i 2017. Refusjon av kostnadar til kommunen vert då etter 2018. Tilrådinga vart vedtatt av kommunestyret desember 2014.

Fosnavåg hamn

Miljømudringsprosjektet vert kjørt i regi av kystverket og kommunen er med som tilretteleggar for prosjektet. Kommunen si rolle i prosjektet har vore å regulere hamneområdet til naudsynte formål som sikrar fiskeriinteressene i Herøy. Ein har gjennomført ei rekkje miljøundersøkingar på land som underlag for framtidige tiltak for å sikre utlekking mot hamnebassenget. Konklusjonane om massedeponering og miljøtiltak vil vere på plass hausten 2015.

Det vil og vere naudsynt å gjere oppgradering på kommunalt avløpsnett i Nørvågen og rundt hamna for å sikre god miljøtilstand i hamnebassenget.

Økonomiplan kommune:

Det er satt av 1 250 000 til miljøundersøkingar (2015)

I forslaget til Avløpsplan som er under ferdigstilling vil Nørvågen verte prioritert fram på tiltakslista. Det er usikkert no om miljømudringsprosjektet vil påføre kommunen noko meirkostnadar framover, men dette vil verte meldt tilbake straks slik informasjon ligg føre.

Bruer.

Prosessene med kryssinga til Nerlandsøya vert kjørt i regi av Statens vegvesen. Der ligg ikkje noko konkrete oppgåver til kommunen pr.dato utanom dei ordinære rutinemessige prosessane som skal gjennomførast. Ein forventar at innstilling frå

Statens vegvesen ligg føre rett over sommaren og at kommunestyret får saka til behandling haust 2015. Saka vert sannsynlegvis fremja for fylkestinget desember 2015.

Vaulane.

Mudring av Vaulane er planlagd i 2017. Det er oppretta god kontakt mellom kommunen og kystverket med omsyn til prosjektet og ein samarbeidar for å utnytte massene til samfunnsnyttige formål. I den forbindelse vil kommunen få eit betydeleg tilretteleggingsarbeid for tiltaket. Kommunen har allereie oppretta dialog med aktuelle partar og dette arbeidet vil ha høgt fokus utover hausten og fram til tiltaket skal gjennomførast i 2017. Kommunen vil få kostnadar med tilrettelegging av tiltaket knytt til grunnnerv, planlegging, arkeologi og ulike utredningar.

Tomtesituasjon.

Kort oversikt over tomtearealer i kommunen og vurdering av tiltak:

Feirelia – ledige tomter tilgjengelege.

Tilråding: Ikkje naudsynt med ytterligare tilrettelegging i 2016

Dragsund – ingen kommunale tomter ledige, men der er ledige tomter i privat felt.

Tilråding: Ikkje naudsynt med ytterligare tilrettelegging i 2016 då her er tilgjengelege tomter i privat felt som er til salgs.

Tjørståg - ingen kommunale tomter til einebustadar

Tilråding: Fleire prosjekt er under utarbeiding i dette området, men det vil ta nokre år før dette er på plass. Ein rår til at ein går vidare med å tilrettelegge kommunale bustadtomter i Trollaldalen byggesteg 2. Ein bør starte grunnforhandlingar i 2015 og prosjektere utbygging første halvdel i 2016. Utbygging av feltet kan vere innen rekkevidde årskiftet 2016/17.

Moltu – ingen ledige tomter.

Tilråding: Kommunen har gjennomført grunnnerv, regulert og bygt ut avløpsanlegg. Det er satt av prosjekteringsmidlar for bustadfeltet i 2015 og ein rår til at det vert satt av utbyggingsmidlar for prosjektet i 2016.

Frøystad – ingen ledige tomter

Tilråding: Kommunen omregulerer den gamle skuletomta til konsentrert utnyttelse og legg denne ut for sal hausten 2015.

Leine – ingen ledige kommunale tomter

Tilråding: Kommunen har ingen ledige tomter og ein rår til at ein startar opp grunnforhandlingar med siktemål på å få bygd ut eit første byggesteg.

Remøya – ledige kommunale tomter

Tilråding: Ikkje naudsynt med ytterligare tilrettelegging i 2016

Runde – ingen kommunale tomter

Tilråding: Ein rår til at tomtesituasjon vert handtert av private. Jfr. Tidlegare notat som er lagt fram for formannskapet.

Bergsøya – har eit mindre areal i Vike /Toftedal feltet klarert og regulert.

Tilråding: Ein rår til at tomtene vert klargjort hausten 2015 og at vidare tomteutvikling vert handtert av private.

Nerlandsøya – ingen kommunale tomter

Tilråding: Ein rår til at tomtesituasjon vert handtert av private.

Kvalsvika – kommunale tomter ledige

Tilråding: Ikkje naudsynt med ytterligare tilrettelegging i 2016

Arhaug – ledige tomter ,men ikkje byggeklare

Byutvikling.

Rapporten frå byutviklingsprosjektet vert lagt fram som eiga sak og ulike tiltak vil vere naudsynte i tida framover for å følgje opp det gode arbeidet som er lagt ned. I samband med budsjettprosessen vil administrasjonen legge fram tiltak som kan bidra til å utvikle Fosnavåg til ein spydspiss på bærekraftig byutvikling.

Anlegg og drift.

Anlegg og driftsavdelinga har ifølge si anleggsprosjektliste fordelt på kategoriane utbyggingsavtalar (8) og kommunale anleggsprosjekt (25) totalt 33 tiltak.

Utbyggingsavtalar.

Aktive prosjekt – Kvalsund/Teige og Tovågen

Aktiv avtale – Vågsholmen

Avtale som kan avsluttast - Hotell Fosnavåg

Avtalar som kan slettast – Torvik Resort, Havutsikta, Myrvåg bustadfelt og Myklebuståsen bustadfelt (gamle saker som ikkje har kome i gang av ulike årsaker)

Kommunale anleggsprosjekt.

Aktive prosjekt (7) –

- Leidningsanlegg Moltu
- Rassikring Vikane
- Vegarm Myklebust-Campus
- Mjølstadneset myrdeponi
- Mjølstadneset utbygging restareal
- Leidningsanlegg Eggesbøvegen
- Veg over Kleppeåsen

Prosjekt som kan avsluttast (9) –

- Veg 7 Bergslia
- Gurskøy IL kunstgras
- Havila stadion kunstgras
- Leidningsanlegg Berge
- Silanlegg Grønhaug
- Trafikktrygging Einedalen
- Leine bustadfelt skuletomta
- Kai v/strandteigen
- Leidningsanlegg almenningen

Prosjekt som ikkje er påbegynt (9) –

- Leikanger skule, parkering og snuplass
- Bru til Herøy gard
- Restarbeid almenningen
- Avlaupsanlegg Nørvåg/Fosnavåg aust
- Dreneringstiltak Sævik, Remøya og Leinestøylen
- Vike/Toftedal
- Pumpeledning Vågsholmen
- Avskjeringsgrøft Moltu
- Myrabakken bustadfelt

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår formannskapet til at følgjande prosjekter vert følgt opp og prioritert i budsjett og økonomiplan for 2016 – 2019.

Kulturavdelinga.

Idrettshall ved Einedalen skule ligg på prioritet 6 i handlingsprogrammet for periode 2015-2018. Dette tiltaket vart vidareført og prioritert fram i årets budsjett med planleggingsmidler med kroner 250 000. Arbeidet med planlegginga er starta opp og er under arbeid og ein rår til at prosjektet vert tatt vidare framover med investeringsmidlar for realisering 2016/2017. Stipuleringskostnadar (grove) er 20 000 000 kroner jfr. Oppstillinga i prioritert handlingsprogram.

Utviklingsavdelinga.

Prosjekt som omfattar fylkeskommunale og statlege prosjekt vert prioritert fram slik det det går fram av saksutgreiinga.

Moltu, Tjørnvåg og Leine vert prioritert fram med omsyn til kommunal medverknad på tilrettelegging av tomter.

Tiltak knytt til Byutvikling vert å prioritere fram i samband med budsjettprosessen .

Anlegg og Drift.

Prosjekt som opplista under *kommunale anleggsprosjekt* vert prioritert fram slik det det går fram av saksutgreiinga.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 27.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

ANLEGGSPROSJEKT PR. 15.05.2015 – FORDELT PÅ PROSJEKTLIARAR

Prosjekt	Ansvarlig	Status
Utbyggingsavtalar:		
Hotell i Fosnavåg – uteområdet	Lene Huldal	Stort sett ferdig. Ikkje overteke.
Kvalsund/Teige	Lene Huldal	Under arbeid
Torvik Resort	Lene Huldal	Annonsert. Ikkje avtale. Avventar
Havutsikta	Lene Huldal	Annonsert. Ikkje avtale. Avventar
Myklebuståsen bustadfelt	Lene Huldal	Gammal avtale på del av området. Avventar utbyggar.
Myrvåg bustadfelt – Herøy Byggsenter/Direktehandel	Lene Huldal	Annonsert. Ikkje avtale. Avventar
Vågsholmen(JRV)	Jon Rune Våge	Avtale vedteken. Avventar utb.
Tovågen	Lene Huldal	Under arbeid.
Kommunale anleggsprosjekt:		
Veg 7 – Bergslia	Tore	Restarbeid + øk.avsl. gjenstår
Gurskøy IL – Kunstgras på grusbana ved Leikanger skule. 7-ar bane.	Lene	Ferdig bortsett frå øk.avsl.
Havila stadion Fosnavåg – kunstgras	Lene	Ferdig bortsett frå reklamasjon og øk.avsl.
Leidningsanlegg Berge	Fred	Ferdig bortsett frå øk.avsl.
Leidningsanlegg Moltu	Lene /Fred	Under arbeid
Leikanger skule – Parkering/snuplass for skulen. (LSH)	Lene	Planlegging 2015
Bru til Herøy gard (?)	Jon Rune	Avklaring brukonstruksjon 2015 Bygging 2016?
Silanlegg Grønhaug – kloakkreinseanlegg	Lene	Ferdig bortsett frå øk.avsl.
Trafikktrygging v/Einedalen skule	Jon Rune	Ferdig bortsett frå øk.avsl.
Leine bustadfelt – skuletomta	(Ida Marie)	Ferdig bortsett frå øk.avsl.
Kai v/Strandteigen	Lene	Ferdig bortsett frå øk.avsl.
Leidningsanlegg Almeningen	Lene	Ferdig bortsett frå hus pumpestasjon og øk.avsl.
Opparbeiding Almeningen	Lene	Restarbeid i løpet av 2015?
Rassikring Vikane (JRG)	Jan Reidar	Til juridisk vurdering vedk. kommunalt ansvar
Vegarm Myklebust – Campus (LSH)	Lene /Jon Rune	Under arbeid
Mjølstadneset ind.område – mydeponi	Jon Rune	Under arbeid
Mjølstadneset ind.område – restarealet - utbyggingsetappar	Jon Rune	Under planlegging. Bygging hausten 2015
Avlaupsanlegg /Nørvågen Fosnavåg Aust	Jon Rune	Avventar pga. kapasitetsmangel
Dreneringstiltak – bustadfelt – Sævikane, Remøy bustadfelt og Leinestøylen	Fred	Delvis utført – under planlegging/arbeid
Ferdigstille rest av vegar og tekniske anlegg i bustadfeltet Vike/Toftedal	Jon Rune	Avventar pga. kapasitetsmangel
Eggesbøvegen – leidningsanlegg (omlegging for at omsorgsbustadar skal kunne byggast)	Jon Rune/Fred	Oppstarta mai -15. Ferdig sept. - 15
Pumpeleidning Vågsholmen - Allmenningen	?	Ikkje oppstarta – samarbeidsprosjekt Herøy Vasslag
Myrabakken bustadfelt	?	Planlegging 2015?
Veg over Kleppeåsen – oppgradering/forsterkning delstrekningar	Jan Reidar	Juni - August 2015.
Avskjærande open grøft Moltu – frå vassverkstankane til Storeelva	Jan Reidar	NVE 80/20-prosjekt. Vedtak om kommunal deltaking 20%. Stoppa opp pga. manglande midlar NVE + grunnavtalar manglar.

Fosnavåg, 15.05.2015 Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2014/1427
		Arkiv:	143

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
71/14	Komite for næring, kultur og idrett	15.12.2014
172/14	Kommunestyret	17.12.2014

VEDK. AVGRENSA REVIDERING AV HANDLINGSPROGRAMMET I KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILIFTSKIV 2015- 2018.

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune vedtek i medhald av plan og bygningslova § 20-5 det reviderte Handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2015-2018 slik det ligg føre.
2. Tiltaka i handlingsprogrammet som er avhengig av kommunal medfinansiering, kan ikkje setjast i verk før dei er politisk behandla.
3. Tiltak som ikkje er avhengig av økonomiske midlar frå kommunen, kan setjast i verk dersom dei er førehandsgodkjent i kommunen og finansieringa er godkjent.

Særutskrift:
Kulturleiar
Folkehelsekoordinator
Aktuelle lag og organisasjonar

Møtebehandling:

Komite for næring si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2014

1. Herøy kommune vedtek i medhald av plan og bygningslova § 20-5 det reviderte Handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2015-2018 slik det ligg føre.
2. Tiltaka i handlingsprogrammet som er avhengig av kommunal medfinansiering, kan ikkje setjast i verk før dei er politisk behandla.
3. Tiltak som ikkje er avhengig av økonomiske midlar frå kommunen, kan setjast i verk dersom dei er førehandsgodkjent i kommunen og finansieringa er godkjent.

Møtebehandling:

Brev av 15.12.2014 frå styret i Moltustranda IL v/Maron Sandvik vart delt ut.

Rådmannen si tilråding vart vedteken med slike endringar:

- Fotballhall kommunen/BIL vert flytta frå 8.1. uprioritert liste til prioritet 9 på 7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering.
- Prioritet 7: Kunstgras Moltu – 7-arbane på 7.1. ordinære anlegg/rehabilitering vert «7-arbane» stroke

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 15.12.2014

1. Herøy kommune vedtek i medhald av plan og bygningslova § 20-5 det reviderte Handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2015-2018 slik det ligg føre.
2. Tiltaka i handlingsprogrammet som er avhengig av kommunal medfinansiering, kan ikkje setjast i verk før dei er politisk behandla.
3. Tiltak som ikkje er avhengig av økonomiske midlar frå kommunen, kan setjast i verk dersom dei er førehandsgodkjent i kommunen og finansieringa er godkjent.

7. Prioritert handlingsprogram 2015 - 2018

Forslag Revidert handlingsprogram

7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2015 – 2018 K.sak

	Anleggsgjøring, tilrettelegging og tiltak	Ansvarlig	Tot. invest kostnad i 1000 kr	Driftsutg pr. år	Finansiering			Anleggsstart						
					Komm .midlar	Spele midlar	Privatem idler	2012	2013	2014	2015	2016		
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000				13.000		X					
2	Kunstgras Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	10.900	50	2.200	2.500	6.300	X						
3	Kunstgras Gurskøy IL – 7-arbane	Kommunen/ GIL	3.200	35	650	950	1.900	X						
4	Klubblokale/ garderøber/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900		X					
5	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL	**									X*		
6	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen / BIL Handball	*20.000			7.000						X*		
7	Kunstgras Moltu IL – rehabilitering av anlegg	Moldtustr IL/ Kommunen	**											X
8	Bygging av Garasje og kiosk på Gurskøy stadion	Gurskøy IL	**											x
9	Fotballhall 100 x 60m	Kommunen/ BIL	**											
	Friluftslivsplanlegg													
1	Gapahuk på Tverrfjellet	BIL Trimgruppa	**											x
2	Tursii rundt Myklebustvatnet	Kommunen	**											X
3	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	*1.200											x

X = oppstartår /byggstart

* Dette er førebels tal /kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging


**Særleg sikre tal er ikkje avklara

8. Langsiktig del

8.1. Upprioritert liste over langsiktige behov innen idrett, aktivitet og friluftsliv

Område type Anleggstype/stad, tilrettelegging og tiltak	Område-kategori Anleggskategori	Eigar/utbygger/ansvarleg	Anslått utbygging s-kostnad	Anslåtte driftsutgifter pr. år
ORDINÆRE ANLEGG	Ordinære			
Klatrevegg/ Klatrehall ved Kulturhuset		Kommunen		
Rehabilitering grasbane og løpebane Munkvoll stadion		Moldtustr IL/ Kommunen		
Hall i Tjørvåg 100x60m / alternativ Moltu		Kommunen / idrettslag		
Storhall i Myrvåg		Interkommunalt samarbeid		
Ishall		Interkommunalt		
Heid Folkehelseanlegg – trimapparat - klatrevegg		Flusund/ Berge Grendelag		
Innandørshall for skateboard				
Gravrøys/kultursti på Løseth		Herøy kommune		
Oppgradering garderobeser Moldtustranda Grendahus		Moldtustranda Grendahus		
Utviding/ rehabilitering av Leikanger Grendehus liten sal/ klubblokale/ garderobeser/ lager/ skifte av dekke i eksisterende sal		Gurskøy IL / Kommunen		
Kunstgrasdekke på treningsfelt, 7arbane med event. overbygd hall		Tjørvåg IL		
FRILUFTSLIVSANLEGG	Friluftsliv			
Tilknytingstrase Jøsokdalen		Gurskøy IL	400	
Heid Turløype 4. byggetrinn		BIL Trimgruppa / kommunen		
Turstiar i Herøy kommune- oppgradering		Kommunen, grendelag		
Aktivitets- og badeplass i Klubben i Toffestøa		Kommunen, grendelag		

Nautøy Badeplass – aktivitet -veg	Kommune/grendelag	
Tursti Viketoppen	Viketoppen grendelag	
Tofestøa Klubben - badeplass	Tofestøa Vel	
Badeplassar. Registrering av behov for spes. tilrettelegging	Grunneig./ Herøy kom.	
Tursti rundt Djupvikvatnet. Bade-, picnic- og leikeplass, benkar.	Grendelag	
Flytebrygge på Herøy gard	Kommunen/Herøy kystmus.	
Gang- og sykkelsti Voldsund – Sande 5 km.		
Tursti Igesund – Tofestøa		
Opprusting av Sæitrevegen og Skaravegen, Tjørnvåg / Sandvika	Sandvika Vel	
NÆRMILJØANLEGG	Nærmiljø	
Klatre / balansepark ved lysløypa Leikong	Gurskøy IL	
Lys frå dagens lysløype til Kleppeåsen	Gurskøy IL	78
Sti rullestol Kjeldsund	Kommunen/ Kjeldsund	
Handicapbåt Djupvikvatnet	Her.og Sande Jeg.&Fis.for.	
Barnepark/ aktivitetspark v/kunstgrasbana / Herøy Kulturhus	Kommunen/ Fritidsbad/ BIL	
Ballbinge Eggesbønes	Storsteinen Grendelag	
Ballbinge Kvalsvik	Kvalsvik Grendelag	
Ballbinge/ Aktiv.pl Ytre Herøy Ungdomskule	Kommunen/ FAU	
Sandvolleyball Remøy	Grendelag	
Handballområde 20 x 20m Bergsøy skule	Kommunen/ FAU	
Sykkelkrossbane, skiløype m.m. overfor Remøy skule	Remøy Grendelag	70
Klatrevegg på Remøy skule	Remøy Grendelag	20
Uteplan for parken i Fosnavåg. Aktivitetspark/møteplass	Kommune, lag/org.	
Tursti: "Frå fjøre til fjell" på Leikong	Leikong grendelag	
Miniatyrskyting Bergsøy Skyttarlag	Bergsøy Skyttarlag	
Ordne til eksisterande, / nye aktivitetsplassar i krinsane etter behov. Forbetre aktivitetstilboda på skulepl.	Grendelag / kommunen	



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2014/1209
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
136/15	Formannskapet	07.07.2015

KOMMUNEN SITT INNTEKTSPOTENSIALE NÅR DET GJELD GEBYR, BRUKARBETALINGAR, EIGEDOMSSKATT ETC

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet legg til grunn at det kan verte krevjande å få til eit budsjett i balanse for 2016 og at det difor vil vere nødvendig å gjennomføre ei kritisk vurdering av både utgifts- og inntektssida i budsjettet. Formannskapet legg vidare til grunn at i denne situasjonen kan brukarbetaling og gebyr ikkje ligge under nivået i nabokommunane.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

Saksopplysningar:

I K-sak 14/15 frå 26.02.2015 vart det m.a. gjort slikt vedtak:

«2. Kommunestyret tek vidare til vitande at rapporten peikar på at kommunen generelt sett har svært lave brukarbetalingar/gebyr.

....

4. I det vidare arbeidet med å skape balanse mellom kommunen sine inntekter og utgifter, ber kommunestyret at det vert gjort fylgjande:

....

c) *Analysere inntekspotensialet, inklusiv gebyr, brukarbetaling og eigedomsskatt.»*

KOSTRA- rapporten var basert på rekneskapstala for 2013. Kommunestyret auka ein del brukarbetalingar/gebyr i samband med budsjettvedtaket for 2014 og 2015..

Rådmannen har gitt den einskilde områdeleiar i oppgåve å greie ut dette med frist i juni 2015.

Mange av områda har per i dag ikkje inntekter frå gebyr og brukarbetalingar og desse har då heller ikkje gjort dette utgreiingsarbeidet.

Nedanfor har vi tatt med litt av det avdelingane kjem med av moment. Når formannskapet har bestemt seg for kva dei ynskjer for 2016 blir det avdelingane sine oppgåver å tilpasse det vedtekne nivået i sine budsjettforslag. Det er først her ein vil kunne sjå dei samla økonomiske verknadane av tiltaka.

Servicetorget:

Servicetorget tek betalt for eigedomspakkar levert til eigedomsmeklarar samt kopiering. Uansett kva nivå ein legg seg på vil det utgjere minimale summar.

Barnehageavdelinga:

Barnehagekontigenten for foreldre/føresette er fastsett i forskrift for det so vedkjem heil plass. Frå 01.05.2015 utgjjer denne kr 2.580,- per mnd i totalt 11 mnd per år. I tillegg det dette kjem matpengar som per dato utgjjer kr 300,- per mnd. Det er også lovheimla at syskjenmoderasjonen er på 30% for 2 barn og 50% for 3 barn.

Foreldrebetalinga til deltids plass er sett forholdsvis til storleiken i høve heil plass. Det ein evt kan gjere er å ta høgare betalt for deltids plass – men uansett vil summen dette utgjjer bli liten – kanskje berre rundt kr 50.000,-. Ikkje lurt då fleire ungar då kan bli overflytta til private barnehagar og vi då får høgare utgifter knytt til desse.

Skuleavdelinga:

Dei viktigaste inntektene i denne avdelinga er SFO-avgifta, Kulturskuleavgifta og brukarbetalingar på Internasjonal skule.

Når det gjeld SFO vert prisane endra 1. august kvart år og gjeld for 1 skuleår. Frå 2014/2015 til 2015/2016 er auken på nær 3,5%. Herøy kommune har relativt lave satsar samanlikna med andre kommunar i regionen og i 2014 hadde Herøy kommune om lag 1,12 mill kr i netto kostnadar knytt til SFO ordninga (kan vere sjølvfinansierande jfr Opplæringslova § 13-7). Ei prisendring basert på tilbakemeldingar frå formannskapet vert å innarbeide i 2016 budsjettet (med verknad

frå 01.08.2016). Pris inntil 10 timar per veke vil frå 1. august 2015 vere kr 1.345,-. For inntil 14 timar per veke blir prisen 1.830,- og for full plass kr 2.315,- per mnd. Ein auke på 10% frå 01.08.2016 vil kunne representere ei årleg meirinntekt på om lag kr 450.000,-. Ein slik prisauke vil sannsynlegvis føre til at færre brukar tilbodet og at inntekspotensialet nemnt ovanfor ikkje vert reelt.

I kulturskulen har også prisane i Herøy vore relativt lave samanlikna med nabokommunane. Kulturskulen i Herøy er den 3 største i fylket og den lave brukarbetalinga samt gode rabattordningar kan nok sjåast i samanheng med dette. Frå 01.08.2015 er prisane sett noko opp og i tillegg er rabattordningane gjort mindre gunstige noko ein trur til saman vil auke inntektene med kr 230.000,- per år.

Aukar ein prisane med ytterlegare 15% (frå kr 3.000,-, til kr 3.450,-) frå 01.08.2016 vil det kunne gi ei meirinntekt på om lag 250.000,- på årsbasis (forutsett 550 elevar). Også her vil ein endring av prisane påverke talet på brukarar.

Den siste inntektsposten kjem frå brukarbetalingar i Internasjonal skule. Her er imidlertid satsane så høge, samanlikna med andre aktørar i marknaden, at ein ikkje vil tilrå ytterlegare auke i denne omgangen.

Avdeling for barn, familie og helse

Avdelinga har ikkje store gebyrinntekter og brukarbetalingar og det aller meste kjem frå vaksining. Kommunen tek kr 100,- per influensavaksine, medan nabokommunane tek kr 150,-. Ein auke på kr 50,- for om lag 600 vaksiner vil utgjere kr 30.000,-. Auka pris kan føre til færre vaksinasjonar.

Den andre inntektskjelda er knytt til reisevaksiner. Herøy kommune si prising på denne tenesta er høg sett i høve til andre aktørar i marknaden. Ved å endre litt på prisinga (reduere konsultasjonsgebyret og auke påslaget per vaksine ligg) kan inntektene aukast noko, men uansett er dette inntekter som varierer frå år til år og samla inntekter er beskjedne i ein kommunal målestokk.

Pleie- og omsorgsavdelinga:

I denne avdelinga er det snakk om 3 tenester der prisnivået kan regulerast.

1. Abonnementsordning for heimetenestene. Herøy kommune ligg lavt når det gjeld timepris innan denne ordninga og når det gjeld abonnement er vi i midtsjiktet i dag. Avdelinga har vurdert ein auke av timeprisen frå kr 250,- til kr 350,-. Eit fåtal av dagens brukarar har timepris og mest sannsynleg vil ei slik endring føre til at færre gjer seg nytte av tilbodet. Når det gjeld abonnementa er prisane sett opp etter inntekt (G). Dei med inntil 2 G i inntekt har ein statleg bestemt makspris på kr 186,-. Denne prisen brukar dei fleste av kommunane – også Herøy. Avdelinga foreslår å auke månadsprisen for den med inntekt mellom 3-4 G frå kr 1.600,- per mnd til kr 2.000,- og for dei med inntekt over 5 G er forslaget å auke prisen frå kr 1.900,- per mnd til kr 2.500,- per mnd. Avdelinga har ikkje rekna på kor mykje inntektene vil auke totalt sett ved ei slik prisendring.
2. Utkøyring av middag frå institusjonane kostar i dag kr 100,- per middag. Her ligg vi høgt samanlikna med andre kommunar og ein tilråd ikkje nokon auke her.
3. Leige av tryggleiksalarmar. Kommune har hatt ein auke i leigeprisane dei siste åra. No ligg prisen på kr 300,- per mnd. Dette er om lag som våre nabokommunar og heller ikkje her bør ein auke prisen vesentleg då det bl.a. kan føre til at færre brukar tenesta.

Bu- og habiliteringsavdelinga:

Her er inntektspotensialet lite. Det er snakk om abonnementsgebyr og sidan alle brukarane har lav inntekt/pensjon vil mange av dei følge lav sats når det gjeld heimehjelp og andre såkalla sosiale tenester.

Sosial og flyktning (NAV)

Innan denne sektoren eksisterer det ikkje brukarbetaling eller gebyrbelagde tenester

Kulturavdelinga

I denne avdelinga er det i første rekke snakk om prising av konsert- og kinobillettar og utleige av Herøy kulturhus/Herøyhallen. Slik det er per i dag er det ikkje mykje å hente på prisauke då ein slik mest sannsynleg vil vere med på å redusere etterspørselen. Avdelinga vil likevel vurdere leigesatsane på Herøy Kulturhus slik at desse i alle fall dekker dei faste kostnadane.

Utviklingsavdelinga

Viktig at ein harmoniserer gebyrsatsane innan kart og oppmåling, plan, byggesak etc med nabokommunane. Per i dag ligg ein eit år «bak» Ulstein kommune på gebyrsida. Ein vil avtale møte med Ulstein for å kome fram til like satsar. Om ikkje sistnemnde reduserer sine kan det vere snakk om ein prisvekst på 7-10% noko som kan utgjere mellom kr 180.000,- og kr 260.000,- per år.

Anleggs- og driftsavdelinga:

Alle gebyr knytt til VAR området skal vere sjølvfinansierande. Det vil seie at dersom inntektene innan t.d. avlaup, feiing/brannsyn m.m. er større enn kostnadane eit år skal desse nyttast til å styrke bundne fond. Ein gebyrauke her vil ikkje hjelpe på økonomien med mindre desse tenestene ikkje går med underskott.

Ein kan også auke betalinga for privat snøbrøyting, men ein auke på t.d. 10% her vil ikkje utgjere meir enn om lag kr 15.000,-.

Eigedomsavdelinga:

Avdelinga sitt inntektspotensial er berre knytt til husleigeinntekter. Regulering av desse er styrt av husleigelova og ein kan difor ikkje automatisk oppjustere desse samla for ein gitt dato. Det er starta ein gjennomgang for husleigesatsar for utleigebustadar og målet er å legge denne fram for politisk handsaming. Før det skjer er det vanskeleg å sjå kva meirinntekter det kan vere snakk om.

Eigedomsskatt:

Når det gjeld innføring av eigedomsskatt, kan det gjerast på mange ulike måtar. Ein kan velje å ilegge eigedomsskatt berre på fritids- og bustadeigedomar, berre på verker og bruk og på både fritids- og bustadeigedomar og verkar og bruk.

Ein kan velje å nytte eigne utførte takstar eller ein kan nytte likningsverdien som grunnlag på fritids- og bustadeigedomar. I tillegg finst det ein lang rekke andre faktorar som ein kan legge til grunn, men det er noko som eventuelt må kome i ei eiga saksutgreiing om emnet dersom det skulle bli aktuelt.

Brukar ein likningsverdien på ein bustadeigedom blir reknestykket slik i år 1 (2 promille): $(\text{likningsverdi} \times 4) \times 0,8 \times 0,002$. Ein eigedom med ein likningsverdi på kr 800.000,- vil då få ein eigedomsskatt år 1 på kr 5.120,-.

Skal ein sjå på inntektpotensialet her har vi valt å berre ta føre oss fritids- og bustadeigedomane i første omgang. Dette kan vi gjere i ein slik skjematisk tabell:

Bustadtype	Tal per dato	Gjennomsnittleg Likningsverdi	Inntekts-Potensiale
Einebustadar	2 563	500 000	8 201 600
Einebustadar m/leiligheit	187	600 000	718 080
Våningshus	294	200 000	376 320
Tomannsbustadar	220	400 000	563 200
Andre bustadhus	83	300 000	212 480
Fritidsbygg	129	200 000	165 120
Andre fritidsbygg	118	150 000	113 280
Sum	3 594		10 350 080

(Gjennomsnittleg likningsverdi er berre eit anslag. Det kan vere både høgare og lavare enn i denne tabellen)

I tillegg til ovannemnde kjem eigedomar knytt til næring. Desse må, som nemnt over, takserast av egne takstfolk for å finne rett grunnlag.

Ein har høve til å berekne ein eigedomsskatt på inntil 7 promille, men i regelverket står det at ein i år 1 maks kan berekne 2 promille og deretter kan satsen aukast med 2 promille per år til ein evt når øvste sats på 7 promille.

Vurdering og konklusjon:

Felles for alle avdelingar er at ein må vere at ein er påpasselege med å søke eksterne prosjektmidlar der desse finst.

Elles ser rådmannen det slik at ein auke i gebyrinntekter og brukarbetalingar slik det er skissert i saka, ikkje vil bety den store inntektssauken for Herøy kommune i åra som kjem. Skal det monne noko på inntektssida må ein nok vurdere eigedomsskatt. I årets budsjett ligg det inne føresetnadar om redusert bemanning, men ein har berre i liten grad klart innsparingar på dette området.

Fosnavåg, 11.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	TOMDAH	Arkivsaknr:	2015/395
		Arkiv:	411

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
137/15	Formannskapet	07.07.2015

UTLYSING AV STILLING FOR MILJØARBEIDAR PÅ DAGSENTER FOR PERSONAR MED DEMENS

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet gir løyve til tilsetjing i vakant stilling som 50% miljøarbeidar ved Dagaktivitetssenter for demente.

Særutskrift:
Pleie og omsorgsleiar
Leiar for blå avdeling/dagsenter Julianne Higræff
HTV NSF
HTV Fagforbundet

Saksopplysningar:

Til sommaren vil det verte vakanse i ei 50 % stilling for miljøarbeidar ved dagaktivitetssenteret for demente. Pleie- og omsorgsavdelinga har intern kvalifisert rekruttering til stillinga. Kommunen har innført tilsettingsstopp, og ifølgje K-sak 167/14 skal Rådmann/ formannskapet ha ei utfyllande og konkret skildring av konsekvensar med å halde stillinga vakant. Dette er ei stilling med berre dagarbeid, så den kjem ikkje under definisjonen turnusstilling.

Dagaktivitetssenter for demente er eit tilbod for personar med demenssjukdom, eller for dei som er under utgreiing for demens. Senteret har ope 5 dagar i veka, frå kl. 09.00-15.00. Det er plass til 10 personar per dag, til saman 50 plassar i veka. Per i dag er det om lag 20 personar som nyttar dette tilbodet og plassane. Det er over 100 % dekningsgrad. Det er tilsett 1, 93 årsverk for å drive dette tilbodet, tilsvarande ca. ein person på 5 pasientar.

Inntakskriterier:

- Det vert tildelt plass etter søknad og enkeltvedtak etter Lov om kommunale helse- og omsorgstenester.
- Brukar skal ha ei demensdiagnose eller vere under utgreiing for demens.
- Kortidsopphald på dagsenteret kan gi grunnlag for observasjon i ei utgreiingsfase.
- Brukar må ha eit funksjonsnivå som gjer at vedkomande kan fungere med lett tilrettelegging i daglege gjeremål som mat situasjon toalett etc.

Målsettinga med tilbodet er at det skal bidra til:

- At den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig i eigen heim og ha eit aktivt og meiningsfylt tilvære i fellesskap med andre.
- Å førebygge og utsette opphald i institusjon.
- Aktiv omsorg; tilbodet vil aktivisere og stimulere, gi gode opplevingar og meiningsfulle kvardagar ved å legge stor vekt på aktivisering, trivsel, ernæringsrik mat, måltid og kultur.
- Å bevare og fremje dei ibuande ressursane hos brukar.
- Å avlaste dei næraste for omsorgsoppgåver på dagtid, og medverke til ein lettare omsorgssituasjon.

Dagaktivitetssenteret er ein del av den samanhengande omsorgskjeda. I tillegg bidrar dagaktivitetssenteret med å fremje kunnskap om demens i lokalsamfunnet ved rettleiing og opplæring av pårørande og lokalt helsepersonell. Ansvaret for pårørandeskulen og demens- og psykiatriteamet er forankra på Dagsenteret.

Demensomsorga i Herøy har eit godt ry og er anerkjent. Andre kommunar til dømes Ulstein, Volda, Rauma, Sande og Ørsta har vore på besøk for å sjå korleis Herøy har organisert demensomsorga. Nokre av desse kommunane var i sjølv i startgropa for å starte dagaktivitetssenter for demente.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse

Nokre av brukarane er komne langt i utviklinga, og det er difor svært viktig med kontinuitet. Desse får tilbod om 5 dagar i veke på senteret, noko som dei treng for å kunne klare å bu i eigen heim. Viss dagaktivitetssenteret skulle bli stengt over litt tid, må nokre av brukarane flytte inn på sjukeheim. Det vil vere nesten umogleg å tilbakeføre dei til heimen etter at kontinuiteten er broten. Konsekvensen er at ein har fått nye langtidspasientar i sjukeheimen. Dette vil mest sannsynleg ha betydning for livskvalitet til den enkelte, då målet for menneske er å leve lengst mogleg i eigen heim i eige liv. Redusert livskvalitet til mange brukarar og pårørande vil bli resultatet. Pårørande vil ikkje få same høvet til avlastning.

Dagaktivitetsseteret hjelper og støttar brukarane med å kome seg til avtalte tider hos lege, tannlege, hjelper med å skaffe utstyr frå apotek, butikk og andre tenester som må til for at kvardagen hos brukarar skal fungere. Dette må evt følgjast opp av heimetenesta eller pårørande. Heimetenesta har over tid meldt frå om sprengd kapasitet.

Dagaktivitetssenteret er kvar sommar hjelpsame med å gi enkeltpersonar ein dag ekstra ei veke eller to, eller at enkelte får ei femdagarsveke der familien er på ferie. Dette er viktig for at pårørande skal kunne fortsatt ha helse og overskott til å ha sine med sjukdomen demens heime.

Konsekvensar for beredskap:

Vil føre til ytterlegare press på sjukeheim

Konsekvensar for drift:

Ved å ikkje tilsette i stillinga kan det verte naudsynt å stenge/ redusere drift då det ikkje er forsvarleg å ha ein tilsett. Det opplevast ikkje forsvarleg å ha kun eit personale tilstade på dagaktivitetssenteret då brukarane har svingande dagsform, og sjukdomsbildet hos demente forandrast raskt

Vidare ser vi at dagaktivitetssenteret er tidssparande for heimetenesta, då mange av brukarane på dagaktivitetssenteret får heimeteneste medan dei er på senteret. Til dømes hjelp til dusj, sårstell, stomi handtering og medisinhandtering.

Ved redusert drift av tilbodet vil det bli auka press på heimebasert omsorg og sjukeheimen. Dagaktivitetssenteret for brukarar med demens er ofte akkurat det som skal til for at pårørande skal klare å halde sin ektefelle/ far/mor heime i eigen bustad. Det er eit lavterskeltilbod, og eit viktig trinn i omsorgstrappa.

Konsekvensar for økonomi:

Innsparing:

- Ved redusert tilbod kan ein spare på drosjeutgifter.
- Redusert opning/ drift, tilsvarande lønsutgifter for 50% stilling.

Utgifter:

Følgje av stengt dagaktivitetssenter vil føre til auka press på institusjonsplassar, som aukar sjansen for at ein ikkje har evne til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå

sjukehusa. Dagmulkt er på vel 4000 kroner dag. Institusjonane er no inne i ei periode med sterkt press og bruk av overbelegg.

I samband med kommunen sine innsparingsbehov vart det nyleg gjennomført ei kartlegging/ vurdering av konsekvensar med stenging av aktivitetssenteret i ein kort periode, til dømes ferie stenging. Der kartlegginga synte at;

- 7-8 personar vil trenge korttidsopphald, ev. for 2 stk. bemanna omsorgsbustad.
- 4 vil trenge ekstra hjelp i heimen, meir heimeteneste. Til dømes matombringning, utlevering av medisinar, tilrettelagde måltid samt hjelp til dusj.
- 2 vil trenge ekstra oppfølging

Pleie- og omsorgsleiar vurderte sommarstengt dagtilbod som dårleg kost/nytte. Redusert drift ved dagaktivitetssenteret, eller stengte periodar vil altså føre til ei utgift for som langt overgår innsparingane av evt ikkje å tilsette i stillinga.

Mange statlege dokument, til dømes St.meld. 29 (2012-13), viser til ein sterk vekst av eldre dei neste åra. Då vil også utfordringane knytt til demens vekse tilsvarande. Demensutfordringane vil krevje ein betydeleg utbygging av kapasiteten på tiltak og tenestetilbod i åra som kjem. Det blir viktig å styrke heile tiltakskjeda, her under heimetenesta og avlastning. Difor er det viktig å ha ei god demens omsorg i Herøy kommune. Den enkelte, og samfunnet, profiterer på at vi kan bu lengst mogleg i eigen heim. Det er viktig med kontinuitet i tilbodet, både for den enkelte brukar og for at kommunen får behalde den kompetansen som er bygd opp rundt dette gode tilbodet.

Dagsenteret er eit viktig tilbod for å kunne kome inn med tiltak på eit tidleg tidspunkt, slik at pårørnde får nødvendig avlastning, og den enkelte får bu heime lengst råd. Alternative hjelpetiltak vert dyrare. Der kan ikkje vere mindre enn to personar tilstades for då vert tilbodet for sårbart, og til tider kan det kome situasjonar som ikkje vil vere forsvarleg. Det må umiddelbart gjerast tilsetning i stillinga som miljøarbeidar for å sikre kontinuiteten i tilbodet.

Fosnavåg, 11.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tommy Dahl



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/891
		Arkiv:	411

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
138/15	Formannskapet	07.07.2015

LØYVE TIL UTLYSING AV 100 % FAST STILLING SOM BUSTADKONSULENT I EIGEDOMSAVDELINGA

Tilråding frå rådmannen:

1. Formannskapet gir løyve til å lyse ut ledig 100 % fast stilling som bustadkonsulent i eigedomsavdelinga.

Særutskrift:
Eigedomsleiar, her
Økonomileiar, her

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Saka gjeld løyve til utlysing av ledig 100 % fast stilling som bustadkonsulent i egedomsavdelinga.

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde i K-sak 166/14 vedtak om å innføre stans i tilsetting og vikarbruk i alle vakante stillingar, med unntak av turnusstillingar, undervisningsstillingar, stillingar knytt til ressurskrevjande brukarar samt reinhald.

Ved presserande behov for tilsetting i vakant stilling skal dette avgjerast av formannskapet.

Egedomsavdelinga - 100 % fast stilling som bustadkonsulent

Stillinga som bustadkonsulent i egedomsavdelinga er ledig frå og med 01.08.2015. Gry Dragsund Vike har sagt opp sin arbeidsavtale med egedomsavdelinga og tek til i jobben som avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter frå same dato.

Stillinga som bustadkonsulent vart overført frå NAV Herøy i 2014. Egedomsavdelinga fekk samstundes ansvaret for startlån, tilskot til etablering og tilpassning samt kommunedelplan for bustadpolitikk.

Bustadkonsulentens arbeidsoppgåver omhandlar særleg:

Kommunale bustadar

Arbeidsoppgåvene omhandlar særleg handsaming av søknader om bustad, vedtak om tildeling, inngåing av kontrakt, overlevering av leigeobjekt, oppfylgjing av leigetakar i kontraktperioda samt tilbakelevering og klargjering av leigeobjekt for ny utleige.

Arbeidsoppgåvene inneber eit tett samarbeid med økonomiavdelinga, pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, barn, familie og helseavdelinga NAV Herøy og egedomsavdelinga sin byggdiftseksjon.

Startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpasning

Arbeidsoppgåvene omhandlar handsaming av søknader, herunder saksframlegg til formannskapet og etterfylgjande oppfølging av låneforholdet.

Arbeidsoppgåvene inneber eit tett samarbeid med Husbanken, økonomiavdelinga, internkommunal gjeldsrådgevar og private finans- og kredittinstitusjonar.

Kommunedelplan for bustadpolitikk

Stillinga inngår i arbeidsgruppa for kommunedelplan for bustadpolitikk og har eit særskilt ansvar for oppfylgjing av handlingsplanen etter at kommunedelplanen er politisk handsama og godkjent.

Stillinga inngår i egedomsavdelinga sin stab.

Vurdering og konklusjon:

Eigedomsleiar ber om formannskapetets løyve til å lyse ut ledig 100 % fast stilling som bustadkonsulent i eigedomsavdelinga.

Stillinga er viktig for å sikre ei forsvarleg og effektiv handsaming av søknadar om utleigebustad, startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpasning. Likeins er stillinga tillagt ansvaret for å fylgje opp handlingsplanen til kommunedelplanen for bustadpolitikk når denne er vedteken.

Bustadkonsulenten skal fylgje opp leigetakarar i kommunale bustadar i samarbeid med dei tenesteytande avdelingane og byggdrift. Dette er viktig både for å krevje inn forfalt husleige, redusere risikoen for skadeverk og sikre at leigetakar i størst mogleg grad har buevne til å klare seg på eige vis når leigekontrakta er ute.

Dersom stillinga ikkje vert lyst ut og besatt, vert arbeidsoppgåvene overført eigedomsleiar til handsaming.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilt konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Dersom formannskapet ikkje gir løyve til å lyse ut stillinga, vert arbeidsoppgåvene overført eigedomsleiar for oppfylgging.

Konsekvensar for økonomi:

Eigedomsavdelinga har budsjettert med lønsmidlar til stillinga i 2015. Dersom formannskapet ikkje gir løyve til å lyse ut stillinga, vil avdelinga såleis kunne opparbeide seg ein buffer på lønsbudsjettet inneverande år. Samstundes vil manglande tilsetting kunne auka redusere inntektene og auke utgiftene innanfor andre budsjettpostar.

Fosnavåg, 22.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

Delegerte saker frå avdelingane

DS 8/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning - Fosnavåg Rock

2015 08.06.2015 00:00:00

DS 9/15 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning

(lukket arrangement) 11.06.2015 00:00:00

DS 10/15 Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning

(når søker allerede har bevilling) 24.06.2015 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Møteprotokoll

Utval: Likestillingsutvalet
Møtestad: 111, Fylkeshuset i Molde
Dato: 10.06.2015
Tid: 13:00
Protokoll nr: 2/15

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eva Mariann Vinje Aurdal	Leiar	AP
Håvard Jostein Kongshaug	Medlem	AP
Randi Bergundhaugen	Medlem	H

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margareth Hoff Berg	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Nestleiar	SL/TVP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:

Namn	Stilling
Paula Næss Skår	Rådgivar
Ottar Brage Guttelvik	Fylkesrådmann

Likestillingsutvalet sitt møte tok til kl 13.00 på møterom 111 under leiing av Eva Vinje Aurdal.

Margareth Hoff Berg hadde meldt forfall, men ingen varamedlem kunne møte. Bjarne Kvalsvik meldte om forfall like før møtestart, det var derfor ikkje mogleg å kalle inn varamedlem.

Møtet blei sett med 3 medlemmer.

Orientering

Hanne Hægh Ryste frå NHO Møre og Romsdal orienterte om status for prosjektet «Global future». Rapport frå kull 1 vil bli sendt elektronisk til medlemene i likestillingsutvalet etter møtet.

Innkallinga blei godkjent utan merknader.

Saklista blei godkjent.

Saksnr	Innhald	Uoff
LU 7/15	Utvalsstruktur frå 2015	
LU 8/15	Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019	
LU 9/15	Forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot	
RS 6/15	Møteprotokoll frå møte i rådet for likestilling av funksjonshemma 11.05.15	
RS 7/15	Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 13.05.15	
RS 8/15	Kvinner og andre utvalg	
RS 9/15	Rapportering Kulturtilskot 2015 - fordeling etter administrativt mynde	
RS 10/15	Så likestilte er vi	
RS 11/15	Status og evaluering av "Program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016" per 1. mai 2015	
RS 12/15	Samlokalisering av kreative næringer Godkjenning av protokoll	

LU 8/15 Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019

Forslag til vedtak:

Likestillingsutvalet tek sak om kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019 til orientering.

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek sak om kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2015-2019 til orientering.

LU 9/15 Forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot

Forslag til vedtak:

Likestillingsutvalet tek sak om forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot til orientering.

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek sak om forslag til endra praksis for tildeling av fylkeskommunale kulturtilskot til orientering.

RS 6/15 Møteprotokoll frå møte i rådet for likestilling av funksjonshemma 11.05.15

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 7/15 Møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 13.05.15

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 8/15 Kvinner og andre utvalg

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 9/15 Rapportering Kulturtilskot 2015 - rapportering etter administrativt mynde

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

LU 7/15 Utvalsstruktur frå 2015

Forslag til vedtak:

Likestillingsutvalet tek sak om utvalsstruktur frå 2015 til orientering.

Behandling i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik deltok under behandlinga av saka.

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek sak om utvalsstruktur frå 2015 til orientering.

RS 10/15 Så likestilte er vi

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 11/15 Status og evaluering av "Program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016" per 1.mai 2015

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 12/15 Samlokalisering av kreative næringer

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet tek referatsaka til orientering.

Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Likestillingsutvalet - 10.06.2015

Likestillingsutvalet gjekk gjennom protokollen som vart samrøystes godkjent i møtet.

Møtet slutt kl 15.25.

Fra: postmottak
Sendt: 11. juni 2015 14:02
Til: Arkiv
Emne: VS: Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 10.06.15

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Mia Mari Silset Smørdal [<mailto:mia.smordal@mrfylke.no>]
Sendt: 11. juni 2015 13:44
Til: pol.likestillingsutvalet.varamedlemmer; sadm.kommuner.mrfk
Emne: Møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet 10.06.15

Hei!

Vedlagt følger møteprotokoll frå møte i likestillingsutvalet den 10.06.15.
Denne til orientering.

Med vennleg helsing

Mia Smørdal
Konsulent - kulturavdelinga
tlf. 71 25 89 21

Møre og Romsdal fylkeskommune
<http://www.mrfylke.no>



<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/402	8573/2015	BARDSETH	031	16.06.2015

Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015, sak 61/15

KOMMUNEREFORM - STATUS OG VIDARE PROSESS

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 11.06.2015

VEDTAK:

- 1: Kommunestyre tek til vitande orientering i saksutgreiinga om status i prosessen.
- 2: Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Ørsta kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Ørsta kommunestyre invitere til eit samarbeid med Volda kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing.
Det kan i drøftingane med Volda kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.
4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal Innbyggjarundersøking for Ørsta der også Volda er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

Handsaminga(32 r.f)

Lagt fram i møtet:

Saksprotokoll. Sak PS 97/15 i Volda formannskap – møte den 9. juni 2015

Kommunereform – Status pr. 1. halvår 2015.

Ordføraren sitt framlegg:

Endra pkt. 3:

Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Ørsta kommunestyre invitere til eit samarbeid med Volda kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing.

Det kan i drøftingane med Volda kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.

Nytt pkt. 4:

Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Ørsta der også Volda er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

Karen Høydal(AP) fremja å halde gruppemøte, og det vart halde.
Etter gruppemøtet:

Ordføraren sitt framlegg vart gjort om til fellesframlegg.

Ved alternativ røysting.

Fellesframlegg fekk 32 røyster og vedteke

Formannskapet si tilråding fekk 0 røyster og fall

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng

Inger Johanne E. Løeng

Politisk sekretær

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda kommune

Vanylven kommune

Sande kommune

Herøy kommune

Ulstein kommune

Hareid kommune

Hornindal kommune

Stryn kommune

Stranda kommune

Eid kommune

Selje kommune

Vågsøy kommune

Sunnmøre Regionråd

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 02.06.2015

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1: Kommunestyre tek til vitande orientering i saksutgreiinga om status i prosessen.
- 2: Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Ørsta kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
3. Kommunestyret ser at det må gjerast førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting.
4. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.

Handsaminga(9 r.f.)

Rådmannen og Gro Bårdseth, planleggjar orienterte og svarte på spørsmål.

Jostein O. Mo(AP) fremja alternativ til punkt 3:

Kommunestyret ser at det må gjerast førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting.

Gunnar Knutsen(V) fremja å halde gruppemøte og det vart halde.

Etter gruppemøte:

Røysta først over rådmannen si tilråding punkt 1., 2. og 4.:

Rådmannen si tilråding punkt 1., 2. og 4. vart vedteke med 9 mot 0 røyster

Ved alternativ røysting til punkt 3:

Rådmannen si tilråding fekk 3 røyster og fall

Jostein O. Mo sitt framlegg fekk 6 røyster og vedteke



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Gro Anita Bårdseth

Arkivsak: 2014/402

Løpenr.: 7279/2015

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
	Ørsta formannskap	02.06.2015
	Ørsta kommunestyre	11.06.2015

Saka gjeld: **KOMMUNEREFORM - STATUS OG VIDARE PROSESS**

ADMINISTRASJONEN SI TILRÅDING:

- 1: Kommunestyre tek til vitande orientering i saksutgreiinga om status i prosessen.
- 2: Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Ørsta kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune.
Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
- 3: Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Ørsta kommunestyre invitere til eit samarbeid med Volda kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing.
- 4: Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.

Saksvedlegg:

1. *SWOT-analyse av reformalternativ. Innspel til vidare prosess.* Dokument utarbeida av Ørsta kommune mai 2015, som presenterer resultat av analysen og drøftingar
2. Intensjonsavtale om interkommunalt samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta
3. Vedtak i Ørsta kommunestyre k-sak 33/13 - godkjenning av intensjonsavtale mellom kommunane Volda og Ørsta
4. Vedtak i Volda kommunestyre k-sak 62/13 - godkjenning av intensjonsavtale mellom kommunane Volda og Ørsta

Uprenta saksvedlegg:

- Fylkesmannen sitt forventningsbrev, dagsett 15.10.2014
- Fylkesmannen si tilbakemelding om prosess, brev dagsett 16.01.2015
- <http://www.orsta.kommune.no/politikk/kommunereform/>
- *Innbyggerundersøkelse om ny kommunestruktur på Sunnmøre.* Rapport ved Sentio Research Norge, september 2014:
http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Rapport_Sunnm%C3%B8re_IKS_2014.pdf
- *Utfordringsnotat i forbindelse med gjennomføring av kommunereformen.* Rapport ved BDO, februar 2015:
http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Utfordringsnotat_Sunnm%C3%B8re_regionr%C3%A5d_-_ENDELIG.pdf
- *Byregionen Volda-Ørsta, utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet.* Rapport ved Møreforskning 2015:
<http://www.moreforsk.no/publikasjoner/rapporter/samfunn/byregionen-volda-orsta-utfordringar-og-moglegheiter-for-regional-utvikling-og-attraktivitet/1075/2889/>
- *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner.* St.melding 14 (2014-2015):
<https://www.regjeringen.no/contentassets/01f2b178d685405e925d60ebbb9b1bdc/no/pdfs/stm201420150014000dddpdfs.pdf>
- Ekspertutvalet: <https://www.regjeringen.no/nb/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/ekspertutvalg/id751059/>
- *Veien mot en ny kommune.* Rettleiar. <https://www.regjeringen.no/nb/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/Veileder-for-utredning-og-prosess/id2001816/>

Samandrag av saka:

Denne saka gjer greie for 1) Status i arbeidet med kommunereforma i Ørsta kommune så langt, inklusive SWOT-analyse av reformalternativ, og 2) Framdriftsplan fram mot våren 2016. Orientering om status inngår i kommunen si rapportering til Fylkesmannen i Møre og Romsdal som har fått i oppdrag å samordne dei lokale prosessane. Fylkesmannen har bede om at kommunen lagar framdriftsplan for aktivitetar fram mot våren 2016, der kommunestyret har gjort vedtak om kva løysing ein vil velje, jf. Fylkesmannen sitt forventningsbrev dagsett 15.10.2014.

Saksopplysningar:


Arbeidet med kommunereform er inndelt i tre fasar som Fylkesmannen har illustrert slik:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Lokal framdriftsplan i Møre og Romsdal

2014	2015	2016
<p>Fase 1 (Høst 2014)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle 36 kommunene i Møre og Romsdal legger fram en sak til sitt K-styre om hvordan de ønsker å jobbe med kommunereformen i sin kommune for å komme i mål våren 2016. Prosess! • Her kan det tas utgangspunkt i en felles mal som fylkesmannen utarbeider 	<p>Fase 2 (2015 – før og etter valget)</p> <ul style="list-style-type: none"> • FØR valget, dvs våren 2015 arbeides det med lokale prosesser og informasjon for å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag. En sak med fakta grunnlag anbefales lagt fram for K-styret, våren 2015. • ETTER valget: Folkevalgtoppføring med spesiell vekt på kommunereform og framtid utfordringer 	<p>Fase 3 (Våren 2016)</p> <ul style="list-style-type: none"> • I løpet av 1.tertial 2016 skal det til alle K-styrer fremmes en sak hvor man kommer med forslag til framtidig kommunestruktur. Da det kan bli behov for flere runder i K-styret er det viktig at det er noe tid å gå på fram til juni 2016. • Frist for innsending av vedtak til Fylkesmannen: 01.07.2016

Trygg framtid for folk og natur



LOKAL PROSESS - STATUS

Ørsta kommunestyre har hatt til handsaming fire saker om kommunereform så langt, jf. liste, og fatta naudsynte vedtak om prosess og gjennomføring. Sakene er m.a. tilgjengelege på kommunen si heimeside om kommunereform.

- K-sak 65/14. Om regjeringa sitt grunnlag og målsettingar for reforma, nasjonale og regionale framdriftsplanar og tankar om lokal prosess. Handsama i kommunestyret 11.09.14.
- K-sak 85/14. Ei førstemelding til kommunestyret om gjennomføring av prosess. Handsama 11.12.14.
- K-sak 7/15. Konkretisering av lokal framdriftsplan. Tidfestar folkeavrøysting og innbyggjarundersøking, aktivitetar og milepålar våren 2015. Handsama i kommunestyret 12.02.15.
- K-sak 8/15. Aktuelle alternativ. Handsama i kommunestyret 12.02.15.

Fylkesmannen har vurdert vedtaka og meldt at planen til Ørsta kommune inneheld alle dei store områda kommunen må arbeide med i kommunereforma, men held samstundes fram: *”Vi vil løfte fram gjennomføringsplanen for hausten 2015 og fram til våren 2016 som eit arbeid kommunen kan jobbe meir med. Det kan vere ei god øving for å sjå kva for aktivitetar, prosessar og avgjersler som må vere ferdig til dei ulike milepælane og tidsfristane”* jf. brev dagsett 16.01.2015.

Aktivitetar

Planlagde aktivitetar for våren 2015 kjem fram av k-sak 85/14 og 7/15 og er gitt att i tabellen under. Av tabellen kjem det også fram når dei ulike aktivitetane er utførte.

Planlagt aktivitet	Utført aktivitet
”Tenketank”, møteserie februar-april	12. mars, 21. april, 11. mai
Folkemøte mars/april	12. mars
Orientering om reforma ved ordførar i råd og utval	Ungdomsrådet i mars, formannskapet 21. april
Orientering om reforma ved rådmann i leiarforum, dialogmøte med hovudtillitsvalde	Trepartssamarbeidet Kveik, Temadag for leiarar 22. januar, Personalseminar 7. mai

og andre aktuelle forum for tilsette	
Utgreiing av aktuelle samanslåingsalternativ	SWOT-analyse
Sak i kommunestyret mai/juni om faktagrunnlag og samanslåingsalternativ	Denne saka
Informasjonsopplegg om kommunereforma	Heimeside, nettbrett til politikarane

Informasjon

På kommunen si heimeside er det oppretta eiga side om kommunereforma. Sida inneheld generell informasjon om reforma og med aktuelle lenker. Her ligg også dei politiske sakene, referat frå lokale prosessar og møtereferat frå prosjektgruppa, samt rapportar og undersøkingar. <http://www.orsta.kommune.no/kommunereform-2/>

Folkemøtet 12. mars og personalseminar 7. mai var viktige arenaer for informasjon om kommunereforma og møtestadar der ein nådde mange.

På nettbretta til politikarane er det opprette eiga mappe med informasjon om kommunereform, med mykje av den same informasjonen som på heimesida.

Nabopratt

I regi av Sunnmøre Regionråd og Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det gjennom ulike arrangement lagt til rette for informasjonsutveksling og nabopratt. Ørsta formannskap har m.a. delteke på Arena Sunnmøre, Ålesund, den 23.04.15. Kontaktperson og har delteke på Fylkesmannen si kontaktpersonsamling den 21.01.15, og kontaktperson og hovudtillitsvald deltok på tilsvarende samling 30.04.15.

I regi av rådmannsnettverket på Søre Sunnmøre er det gjennomført fleire møte i løpet av våren, der ordførarar og kontaktpersonar og tillitsvalde har vore invitert med for å drøfte kommunereform. Møta har vore nyttige mtp erfaringsutveksling og dialog, men ber preg av at deltakarane har ulik ståstad, forventingar og kulturar. Så langt har ikkje møta ført til konkrete planar for samarbeid.

Lokal prosjektgruppe

Lokal prosjektgruppe har faste møte kvar fjortande dag. Føremål er informasjonsutveksling, samordning og planlegging av lokale aktivitetar. Hovudtillitsvalde er representert i gruppa og er ein viktig kanal for informasjonsutveksling mellom tilsette og reformarbeidet.

SWOT-ANALYSE AV REFORMALTERNATIV. INNSPEL TIL VIDARE PROSESS

Som ein del av arbeidet med kommunereforma i Ørsta kommune er det våren 2015 gjennomført SWOT-analyse. Sjølve analysen er utført i to omgongar; Første gong i møte med "tenketanken" for kommunereforma 21. april og andre gong i utvida kommunestyremøte 30. april. I tillegg er ei førebels samanstilling av resultat drøfta i "tenketanken" i møte 11. mai.

SWOT-analyse inneber ei kartlegging av styrker, svakheiter, moglegheiter og trugslar. Rettleiaren *Veien mot en ny kommune* legg føringar for å nytte SWOT-analyse opp mot dei fire hovudmåla i reformarbeidet:

- Samfunnsutvikling og samfunnsposisjon
- Tenesteprodusent og utøving av mynde
- Demokrati og styringsform
- Økonomi i den nye kommunen

Kvart hovudmål er vurdert i høve dei fem reformalternativa kommunestyret har peika på som aktuelle;

- Ørsta som eiga kommune
- Ørsta og Volda kommunar
- Søre Sunnmøre (Ørsta Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommunar)
- Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda kommunar
- Søre Sunnmøre og Hornindal, Stryn, Stranda, Eid, Selje og Vågsøy kommunar

Tabellen under oppsummerar dominerande tendensar i tilbakemeldingane frå SWOT-analysen og drøftingane. Vidare er identifiserte utfordringar og råd for framtida gitt att her. Analysen i sin heilskap ligg som vedlegg til denne saka.

Reformalternativ	Hovudmåla for reformarbeidet			
	Samfunnsutvikling/ Samfunnsposisjon	Tenesteproducent og utøving av mynde	Demokrati og styringsform	Økonomi i den nye kommunen
Ørsta kommune i dag				
Styrker	STOR LOKALKUNNSKAP OG STERK IDENTITET	NÆRLEIK TIL TENESTER OG STOR GRAD AV POLITISK MYNDIGHEITSUTØVING	STERKT LOKAL-DEMOKRATI	ØKONOMISK OVERSIKT OG STORE VERDIAR
Svakheiter	LITE UTVIKLINGSKRAFT	SÅRBARE FAGMILJØ OG VANSKAR MED REKRUTTERING	HABILITETSPROBLEM OG FOKUS PÅ SMÅSAKER	ØKONOMISK SÅRBARE OG LITE KRAFT TILSATSING
Ørsta kommune åleine				
Moglegheiter	-	-	-	BYGGE VIDARE PÅ DAGENS SYSTEM
Trugslar	-	-	-	FOR SMÅ OG AVHENGIG AV ANDRE
Ørsta-Volda				
Moglegheiter	REALISERE SAMDRIFTSFORDELAR TYNGDE I REGIONEN	MEIR KOMPETANSE OG VARIASJON I TENESTEYTINGA	MEIR OVERORDNA STRATEGISK POLITIKK	INNSPARING OG FELLES LØFT
Trugslar	LOKALISERING AV KOMMUNESENTER?	USEMJE OM VERDIFORDELING	FOGDERIKAMP OG NOMINASJONS-UTFORDRINGAR	FRYKT FOR Å DELE FELLES GODER
Søre Sunnmøre				
Moglegheiter	HEILSKAPLEG REGIONUTVIKLING	BETRE TENESTER	STYRINGSKOMPETANSE OG STØRRE POLITISK TYNGDE	KRAFT TIL SATSING
Trugslar	STORE AVSTANDAR	REGIONALE KULTURFORSKJELLAR	TAUTREKKING MELLOM "GAMLE" KOMMUNAR	USIKKER ØKONOMI
Ørsta-Volda-Hornindal-Stryn-Stranda				
Moglegheiter	-	MEIR KOMPETANSE OG MEIR RESSURSAR	SPENNENDE GEOGRAFI	ROBUST ØKONOMI
Trugslar	-	ØKONOMISKE FORSKJELLAR OG MYKJE UTKANTAR	SVEKKA LOKALDEMOKRATI OG FOGDERIKAMP	USIKKER ØKONOMI
Søre Sunnmøre, Hornindal, Stryn, Stranda, Eid, Selje, Vågsøy				
Moglegheiter	STOR VARIASJON GIR MOGLEGHEITER	-	STORKOMMUNE MED REGIONALE OPPGÅVER	-
Trugslar	FOR STOR	-	LAVT POLITISK	-

	VARIASJON ER EIN TRUGSEL		ENGASJEMENT	
--	--------------------------	--	-------------	--

Identifiserte utfordringar og råd for vidare prosess

Gjennom arbeidet med SWOT-analysen har ein identifisert nokre tydelege utfordringar som må/bør avklarast i den vidare prosessen.

- **Verdiar og verdifordeling.** Særleg er Ørsta kommune sin eigarpost i Tussa trekt fram. Før forhandlingar bør Ørsta kommune avklare på kva måte verdiar skal handterast/fordelast.
- **Følelsar og identitet.** Sterk tilhøyre til Ørsta som kommune "fortrenger" fakta og rasjonell tankegang. Vil kommunestyret ta omsyn til dette i forhandlingar, eller skal forhandlingar vere faktabaserte?
- **Fogderikamp og nominasjonsutfordring.** Avstand mellom dei som styrer og innbyggjarar og næringsliv vert større ved kommunesamanslåing, samt at det kan vere kulturforskjellar. På kva måte kan ein "demme opp" for dette for å unngå uheldig prosess som ved førre kommunesamanslåing? Kommunestyret bør ha ei medviten haldning til dette både før og under forhandlingane.
- **Distanse til tenester.** Ein geografisk større kommune innebere for nokre større avstandar og lengre reisetid til kommunesenter og kommunale tenester. På kva måte sikre gode tenester til alle i den nye kommunen? Denne utfordringa må drøftast gjennom forhandlingar.
- **Lokalisering av stab/støttefunksjonar.** Kvar skal stab/støttefunksjonar lokaliserast? Denne utfordringa må drøftast gjennom forhandlingar.
- **Kommunesenter.** Kvar skal kommunesenteret vere og kva skal den nye kommunen heite? Denne utfordringa må drøftast gjennom forhandlingar.

NASJONALE OG REGIONALE UTGREIINGAR

Nasjonale prosessar og utgreiingar ein må ta omsyn til er m.a. Ekspertutvalet sine to rapportar om *Kriterier for god kommunestruktur* og Stortingsmeldinga *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*. Ein hovudbodskap frå Ekspertutvalet er at kommunane bør ha minst 15 000 – 20 000 innbyggjarar for å sikre god oppgaveløysing i hht dagens oppgaver. Stortingsmeldinga om oppgåvefordeling viser at det ikkje vert overført monalege nye eller store oppgaver til kommunane. Oppgåvene dreier seg i hovudsak om forvaltings- og produksjons-/driftsoppgåver. Dette er oppgaver som er regulert gjennom lover og forskrifter, og som i hovudsak vert handtert av fagadministrasjonen gjennom delegeringsvedtak. Utviklingsoppgåvene er svært avgrensa.

Hausten 2014 vart det i regi av Sunnmøre Regionråd gjennomført innbyggjarundersøking om kommunereforma. Denne viser at det både i Ørsta og Volda er der stor del av innbyggjarane som ønskjer kommunesamanslåing generelt. Ved spørsmål om kven dei kan tenkje seg å slå seg saman med svarar heile 94 % av dei spurte frå Ørsta at dei føretrekk Volda kommune. Neste prioriterte kommune er Ulstein med 19 %. Tilsvarande har 86 % av dei spurte i Volda prioritert Ørsta som den kommunen dei helst vil slå seg saman med. I kommunane Ørsta og Volda er det elles låge andelar som ynskjer samanslåing med andre kommunar i regionen.

Innbyggjarundersøkinga 2014:

ØRSTA VIL HA	VIL DEI HA ØRSTA?
Volda (94 %)	Volda (86 %)
Vanylven (9 %)	Vanylven (24 %)
Hareid (17 %)	Hareid (11 %)
Ulstein (19 %)	Ulstein (14 %)
Herøy (10 %)	Herøy (10 %)
Sande (9 %)	Sande (13 %)
Stranda (3 %)	Stranda (12 %)

BDO har utarbeidd ein rapport, *Utfordringsnotat i forbindelse med gjennomføring av kommunereforma*, også dette i regi av Sunnmøre regionråd. Rapporten skildrar dagens kommunestruktur og gir råd for lokal prosess i reformarbeidet.

Møreforskning i samarbeid med Telemarksforskning har i samband med sak om Byregionprogram utarbeidd rapporten *Byregionen Volda-Ørsta. Utfordringar og moglegheiter for regional utvikling og attraktivitet*. Sjølv om rapporten er utarbeidd med føremål som underlag for byregionprogrammet (som ein forøvrig ikkje gjekk vidare med då rapporten viste at dei formelle føresetnadane ikkje var tilstades), har rapporten stor relevans i arbeidet med kommunereforma. Den drøftar vesentlege sider ved dei to kommunane, med særleg vekt på samfunnsutvikling. I saka om Byregionen Volda/Ørsta som kommunestyret handsama i møte 19. 03.15 går det m.a. fram fylgjane:

”Rapporten vert eit viktig grunnlagsmateriale i kommunereformprosessen. Rapporten viser på fleire område at Volda og Ørsta utfyller kvarandre på ein slik måte at det gir gevinst samla sett. Dette gjeld td. besøksoverskot i dei såkalla besøksnæringane, dekningsgrad på over 100 % for alle varegrupper med unntak av byggvarer/hagesenter, arbeidsplassvekst i den eine kommunen gir naturlege synergjar i den andre kommunen og stor grad av pendling mellom kommunane. Dette viser at Volda har flest felles interesser eller fellesskap med Ørsta kommune. Det same gjeld Ørsta i høve til Volda. Dersom kommunestyra i desse kommunane går for kommunesamanslåing, så er det mykje som talar for at Volda og Ørsta vil verte samanslått innanfor ein felles konstellasjon. Slik rådmannen vurderer det ville det vere fornuftig at Volda og Ørsta har ein samordna strategi i høve til ei eventuell kommunesamanslåing, og kommunestyra bør vurdere om dei med alle moglege atterhald skal gjere eit intensjonsvedtak om at ein ynskjer å inngå i ein konstellasjon der Volda og Ørsta er i lag dersom det skulle verte ei kommunesamanslåing. Rådmannen vil fylgje opp dette i det vidare arbeidet med kommunereforma.”

SAMARBEID MED VOLDA KOMMUNE

Kommunestyra i kommunane Volda og Ørsta har vedteke intensjonsavtale for samarbeid, K-sak Volda 62/13 og K-sak Ørsta 33/13, der det m.a. følgjande er avtalt, jf. vedlegg:

1. *Samarbeidstiltak som vert oppstarta etter at denne intensjonsavtalen har vorte gjeldande, skal vurderast med utgangspunkt i korleis tenesta mest tenleg kunne vere organisert dersom Volda og Ørsta var ein kommune.*

2. *Kommunane har gjensidige forventingar til at interkommunalt samarbeid samla sett skal gi*
 - *meir effektiv ressursbruk*
 - *meir robuste tenester*
 - *auka kvalitet*
 - *sterkare faglege miljø*
 - *reduisert sårbarheit*
 - *sterkare forhandlingsposisjon for å ivareta Volda og Ørsta sine interesser i høve staten og regionale aktørar*

3. *Kommunane er likeverdige partar, og fordelar og ulemper skal også vere likeverdige fordelt. Dette inneber at begge partar har ansvar for å sikre at Volda og Ørsta kjem nokolunde likt ut i høve økonomi, tenestekvalitet og samfunnsutvikling gjennom eit slikt interkommunalt samarbeid.*

I denne intensjonsavtalen har kommunane lagt eit godt grunnlag for å førebu samanslåing som eit mogleg alternativ for folkerøysting og avgjerdsgrunnlag for endeleg handsaming i kommunestyra.

FORSLAG TIL FRAMDRIFTSPLAN FRAM MOT VÅREN 2016

Erfaringar frå tidlegare kommunesamanslåingar rår til at det vert utarbeidd intensjonsplan mellom kommunar som planlegg å slå seg saman. Det vert rådd til at ei slik plan vert brukt som grunnlag for ev folkerøysting.

Intensjonsplan kan innehalde m.a.:

- Kva ein vil oppnå med kommunesamanslåinga (hovudmål og delmål)
- Om det t.d. er konkrete prosjekt ein vil bruke reforma til å lyfte i lag
- Kvar kommunesenteret skal vere og fordeling av lokalisering av ulike kommunale funksjonar
- Korleis lokalsamfunnet kan styrkast
- Korleis kommunale tenestefunksjonar kan styrkast
- Korleis tilsette skal informerast og involverast i prosessen
- Korleis innbyggjarane skal informerast og involverast
- Ev. avklaring av kommunenamn og kommunevåpen
- Framdriftsplan for gjennomføring av samanslåing

Intensjonsplan er viktig for å tydeleggjere frå politisk hald kvifor ein ynskjer samanslåing, og kva ein vil oppnå med dette.

Rådmannen rår til at ein i samband med utarbeiding av intensjonsplan og målsetting vurderer konkrete prosjekt som ein kan løyse i ein ny større kommune, og som ein ikkje greier å realisere kvar for seg. Dette kan til dømes vere knytt til Campusutvikling/kulturanlegg i Volda og idrettshall i Ørsta. Kva som ev kan vere aktuelt må kommunane ev sjølv finne fram til i lag.

Målsetting med framdriftsplanen er å få fram eit konkret alternativ for folkeavrøysting.

Aktivitet	Tidspunkt	Kommentarar
		I regi av Sunnmøre

Innbyggjarundersøking	Oktober-november	Regionråd
Politikaropplæring	Oktober - desember	Opplæring i kommunereforma
Kommunestyret gir nærare mandat for vidare prosess og oppnemner representantar til å representere kommunen i prosessen.	November	Viktig at dette vert gjort av det nye kommunestyret. Resultatet av innbyggjarundersøkinga ligg då også føre, samt vedtak i Volda kommune om retningsval og korleis dei ser vidare prosess saman med Ørsta kommune.
Utarbeiding av intensjonsplan	Desember - april	Føreset at Volda kommune sluttar seg til å samarbeide om utarbeiding av plan
Kommunestyret handsamar intensjonsplanen	April	Proessen vil vere viktig for å forankre likelydande vedtak om grunnleggjande prinsipp og føresetnader i begge kommunestyra
Folkerøysting	Mai	Folkerøysinga vil vere rådgevande og basert på at Volda og Ørsta gjennomfører same opplegg
Kommunestyret handsamar endeleg sak om kommunereforma	Juni	I denne saka tek kommunestyret stilling til om Ørsta skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman med Volda kommune.
Dersom positive vedtak om kommunesamanslåing handsamar kommunestyret framdriftsplan og prosess for planlegging av samanslåing	August	Føreset likelydande vedtak i kommunestyra for kommunane Volda og Ørsta

Mellom milepålane vil det verte prosessar med informasjon til innbyggjarane, møte med interessegrupper/råd mv., og informasjon og involvering av dei tilsette. Det vil også vere nødvendig med felles formannskaps-/kommunestyremøte undervegs for felles informasjon, forankring av felles grunnlag for innbyggjarundersøking og endeleg handsaming i kommunestyra. Det bør også vurderast om ungdomsråda, dei politiske partia i Volda og Ørsta og ev andre skal ha felles møte i perioden det vert arbeidd med intensjonsplan.

Kva vedtak kommunestyra i Volda og Ørsta vil ende opp med i juni 2016 vil avhenge av om det ligg føre ein stor nok vilje til å byggje ny felles kommune, ev. ein kombinasjon av vilje og realitetsorientering om mogleg opplevd trussel ved å halde fram som sjølvstendig kommune.

Vurdering og konklusjon:

Ørsta kommunestyre har fatta vedtak om at det skal gjennomførast folkeavrøysting, jf. k-sak 56/14. I sak om lokal framdriftsplan er avrøystinga tidfest til våren 2016, og der er presisert at denne vert over framforhandla alternativ, jf. k-sak 7/15.

No handlar det om å utgreie alternativ som folkeavrøystinga kan ta stilling til. På bakgrunn av prosessen så langt, signal som har kome fram gjennom SWOT-analysen, drøftingar og innbyggjarundersøkinga, peikar Volda kommune seg ut som realistisk alternativ. Tilsvarande er det mange alternativ som står fram som mindre aktuelle, mellom desse er geografisk store alternativ med Søre Sunnmøre, og Søre Sunnøre i kombinasjon med kommunar på Indre Sunnmøre og Nordfjord.

Mot denne bakgrunnen fremjar rådmannen framlegg om å starte førebuingar for å gjennomføre folkeavrøysting, der ein felles intensjonsplan med Volda kommune er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmål om samanslåing.

Ørsta og Volda har i dag eit godt utvikla samarbeid på fleire tenesteområde. Utgreingar som ligg føre, m.a. Byregionrapporten, er tydelege på at Ørsta og Volda har svært gode føresetnader for vidare samarbeid og dermed felles utvikling mot den fjerde byen i fylket. Å starte førebuingar mot felles intensjonsplan med Volda vil vere i samsvar med råd som er gitt frå Ekspertutvalet, oppgåvefordelinga og innbyggjarundersøkinga. Identifiserte utfordringar slik det kjem fram av dokument om SWOT-analysen, må avklarast som del av arbeid med intensjonsplan.

Som del av arbeid med felles intensjonsplan bør ein også identifisere felles utviklingsprosjekt.

Rådmannen understrekar at ein ikkje i denne saka skal ta stilling til om Ørsta skal slå seg saman med Volda kommune eller velje å halde fram som eiga kommune. I denne er intensjonen å leggje til rette for ei retning og framdrift for å kunne ta stilling til dette innan utgangen av juni 2016.

Ørsta, 28.05.2015

Wenche Solheim
rådmann

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Volda kommune
Vanylven kommune
Sande kommune
Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
Hornindal kommune
Stryn kommune
Stranda kommune

Eid kommune
Selje kommune
Vågsøy kommune
Sunnmøre Regionråd

Fra: postmottak
Sendt: 17. juni 2015 08:27
Til: Arkiv
Emne: VS: Vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015, sak 61/15 - Kommunereform - Status og vidare prosess

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Inger Johanne Løeng [<mailto:inger.johanne.loeng@orsta.kommune.no>]
Sendt: 17. juni 2015 08:23
Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal; V-Postmottak; Resepsjon; Sande Kommune; postmottak; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; post@hornindal.kommune.no; postmottak@stryn.kommune.no; post@stranda.kommune.no; post@eid.kommune.no; post@selje.kommune.no; post@vagsoy.kommune.no; jan.kare.aurdal@sunnmoreregionrad.no; Anne Mette Liavaag
Emne: Vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015, sak 61/15 - Kommunereform - Status og vidare prosess

Hei,

Sjå vedlagt vedtak i Ørsta kommunestyre 11.6.2015 i saka: Kommunereform - Status og vidare prosess.

Mvh

Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær
mob. 911 08 618
e-post: inger.johanne.loeng@orsta.kommune.no

Møteprotokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS

Dato: 24.06.2015
Tid: Kl. 12.30 – 13.10
Stad: Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Faste medlemmer som møtte:
Henry Jøsokbakke, Herøy kommune

Varamedlemmer som møtte:
Jan Helgøy, Vanylven kommune
Kari Grønnevik, Sande kommune

Forfall:
Nils Olav Moen, Vanylven kommune
Bjørn Flatøy, Sande kommune

Sak 01/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS godkjenner innkalling og sakliste.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 02/2015: Godkjenning av møteprotokoll frå 04.08.2014

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS godkjenner møteprotokoll frå 04.08.2014

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 03/2015: Godkjenning av årsmelding for 2014

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS rår representantskapet til å godkjenne framlagd årsmelding for 2014.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 04/2015: Godkjenning av rekneskap for 2014

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS rår representantskapet til å godkjenne framlagd rekneskap for 2014. Mindreforbruket på kr 84.642,- overførast til disposisjonsfondet.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 05/2015: Godkjenning av revisjonsrapport for 2014

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS rår representantskapet til å godkjenne revisjonsrapporten for 2014.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 06/2015: Budsjett 2015

Vedtak: Styret i Dragsundbygg rår representantskapet til å godkjenne budsjettet for 2015. Budsjettet går i balanse og syner ei omsetning på kr. 757.714,-. Årets rekneskapsmessige overskot vert overført til disposisjonsfondet etter avslutting av rekneskapsåret.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 07/2015: Oppseiing av selskapsavtalen frå Vanylven kommune

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS tek svaret frå Vanylven kommune til vitande. Styret ber om at representantskapet gir ei uttale i saka.

Stemmegjeving: Samrøystes

Sak 08/2015: Meldingar

Vedtak: Styret i Dragsundbygg IKS tek meldingane til vitande.

Stemmegjeving: Samrøystes.

Dragsund 24.06.2015


Anne Kathrine Løberg


Henry Jøsokbakke


Kari Grønnevik


Jan Helgøy

Fra: postmottak
Sendt: 25. juni 2015 10:13
Til: Arkiv
Emne: VS: Protokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 24.08.2015

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Anne-Kathrine Løberg
Sendt: 25. juni 2015 10:04
Til: postmottak; Sande Kommune; Resepsjon
Kopi: Henry Jøsokbakke; Jan Helgøy; kari_gronnevik@hotmail.com; Arnulf Goksøyr
Emne: SV: Protokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 24.08.2015

Då prøver vi igjen 😊

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Dagleg leiar

Dragsundbygg IKS
Dragsundvegen 6. 6080 Gurskøy
Telefon: 700 84 671/ 900 34 380
Epost: anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no

Fra: Anne-Kathrine Løberg
Sendt: 24. juni 2015 16:39
Til: 'postmottak'; Sande Kommune; 'postmottak@vanylven.kommune.no'
Kopi: Henry Jøsokbakke; Jan Helgøy; 'kari_gronnevik@hotmail.com'; 'Arnulf Goksøyr'
Emne: Protokoll frå styremøte i Dragsundbygg IKS 24.08.2015

Sjå vedlegg.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Dagleg leiar

Dragsundbygg IKS
Dragsundvegen 6. 6080 Gurskøy
Telefon: 700 84 671/ 900 34 380
Epost: anne.kathrine.loberg@landbrukskontoret.no



R-
HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Herøy kyrkje
Lisjebøvegen 1
6090 Fosnavåg

Ok

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
ireg.nr. 2015/ 969	Saksbeh. GEO
25 JUNI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
her

DATO:20.05.15
ARKIV: 133
REF.:

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD DRIFTSREKNESKAP/INVESTETERINGSREKNESKAP 2014 ÅRSMELDING 2014


Vedlagt fylgjer sak 09/15 og sak 10/15 handsama av Herøy kyrkjelege fellesråd i møte 07.05.15 der det vart fatta slikt vedtak.

Sakene vert sendt til orientering.

Med helsing


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Vedlegg: sak 09/15 og 10/15



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

Lisjebøvegen 1

6091 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD	07. MAI 2015	SAK 09/15	ARKIV 133
----------------------------	--------------	-----------	-----------

Driftsrekneskap Herøy kyrkjeleg fellesråd 2014 **Investeringsrekneskap Herøy kyrkjelege fellesråd 2014**

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD HAR FATTA SLIKT SAMRØYSTES VEDTAK:


1. Herøy kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for året 2014, datert 29.04.14 med eit underskott på kroner 1 777.-
2. Driftsunderskotett, 1 777.- vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.
3. Dekking av eigenkapitaltilskott til KLP for 2014, kr. 9 989.- vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.
4. Dekking av eigenkapitaltilskott til KLP for 2013, kr. 8764.- vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.
5. Prosjektrekneskapen for investeringsprosjekt 43002 Klokkehus ved Tjørnvåg gravplass viser eit meirforbruk på kr. 159 230. Kostnader til utanomhusområdet kr. 24 384 er tidlegare vedteke å dekke opp med bruk av disposisjonsfond (Fr-sak 33/14).

Herøy kyrkjelege fellesråd søkjer Herøy kommune om inndecking av meirforbruket, kr. 134 846 på prosjektet.

Fosnavåg, 19.05.15


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Ekspd.: HK



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

Lisjebøvegen 1

6091 Fosnavåg

F.R. SAK:09/15

ARKIV: 133

SAK HANDS.: MSL

DRIFTSREKNESKAP HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD 2014 INVESTERINGSREKNESKAPEN 2014

Innleiing

Driftsrekneskap Herøy kyrkjelege fellesråd, datert 29.04.15 fylgjer vedlagt (vedlegg 1)
Vedlagt fylgjer også investeringsrekneskapen for Herøy kyrkjelege fellesråd 2014, datert
29.04.15 (vedlegg 2), Balansen (vedlegg 3). Revisjonsmeldinga fylgjer som vedlegg 4

Etter Lov om Den norske kirke av 7. juni 1996 skal fellesrådet vedta sitt eige budsjett, medan kommunestyret skal yte rammeløyving etter dette budsjettet. Etter Forskrifter om budsjettordning, rekneskapsføring og revisjon for kirkelig fellesråd og menighetsråd § 5-7 skal årsrekneskap og årsmelding verte lagt fram for fellesrådet, og det er fellesrådet som "fastsetter" årsrekneskap og årsmelding. Fellesrådet har rapportering til KOSTRA pr. 15.03 som er ein månad etter kommunen.

Revisor skal så gi revisjonsberetning, dersom revisor har merknader til rekneskapen skal desse sendast til bispedømerådet. Dersom det er overskott i driftsrekneskapen skal dette disponerast, om det er underskott skal det leggjast fram plan for korleis det skal dekkast inn.

Rekneskapen har eit driftsrekneskap og eit investeringsrekneskap. Driftsrekneskapen er, som namnet seier rekneskapen over utgifter og inntekter knytt til ordinær drift. Til forskjell for private rekneskap har fellesrådet sin driftsrekneskap med enkelte moment som ein vanlegvis knyter til investeringar som refusjon mva. på investeringar og avskrivning av eigedomar.

Herøy kyrkjelege fellesråd sin rekneskap er delt inn i 4 funksjonar:

41 Kyrkjeleg administrasjon

42 kyrkjer

43 kyrkjegardar

44 Anna kyrkjeleg verksemd (m.a. løn til kateket/trusopplærar, drift av trusopplæring og "soknerådssaker")

Alle utgifter og inntekter vert ført på desse funksjonane, og det er teknisk mogleg å hente ut rekneskap som viser kor store utgiftene knytt til t.d. gravplass er eit år. I samband med årssluttinga er ikkje dette ei interessant inndeling. Detaljert oppsett (vedlegg 1) er difor ikkje delt i funksjonar, utgiftene grupperte etter art, dvs. at t.d. all løn for dei 4 funksjonane er ført på art 10100, alle kostnader til vedlikehald er ført på artane 12300 – 12500 osb. Om ein skal sjå kor mykje som vert nytta til vedlikehald spesifikt på kyrkjebygg t. d må ein splitte dette i funksjon.

Generelle kommentarar

Herøy kyrkjelege fellesråd starta handsaming av drifts- og investeringsbudsjett hausten 2013 etter Rådmannen sitt rundskriv. Herøy kommunestyre vedtok løyving til fellesrådet i tråd med fellesrådet si tilråding, og Herøy kyrkjelege fellesråd vedtok endeleg budsjett 2014 på sitt møte

29.01.14, sak 04/14. Fellesrådet godkjende driftsrekneskapen 2013 med eit driftsoverskott på om lag 300 000, driftsoverskottet vart sett av til disposisjonsfond.

I budsjettåret 2014 vart det gjort jamlege budsjettkontrollar. Fellesrådet vedtok visse endringar av budsjettet. Budsjettendringane er konsekvensar av vedtak om opp gradering/utskifting av teknisk utstyr til brannsikring og lyd samt innkjøp av nye salmebøker og digitalt salmeverky. I tillegg vedtok ein å høgne frekvensen på plenslått på gravplassane innafor vedteke budsjett. Når det gjeld investeringsrekneskapen vart det gjort vedtak om løyve inntil kr. 150 000 for opparbeiding av uteområdet ved det nye klokkehuset i Tjørvåg.

Driftsrekneskapen (vedlegg 1)

Herøy kyrkjelege fellesråd sitt driftsrekneskap for 2014 vert gjort opp med eit driftsunderskott/meirforbruk på kr. 1777.- (sjå siste line i rekneskapen, post 39800)

Den største endringa på rekneskapen i høve til vedteke budsjett 2014 er knytt til den statlege reforma «Størst av alt», som skal gjere Den norske kyrkja kapabel til å stå for all trusopplæring av sine medlemar etter at kristedomsfaget vart teke ut av skulen. Reforma vart innført for 10 år sidan, men først i 2014 fekk sokna i Herøy tildelt midlar til dette arbeidet. Den økonomiske konsekvensen for Herøy kyrkjelege fellesråd i rekneskapsåret 2014 er ei statleg overføring på kr. 460 975 (for 2/3 av året). På utgiftssida vart dette nytta til lønsmidlar (3 md.) og andre driftsutgifter, samt at det vart overført ein mindre del til 2015 for drift i 2015 (kr. 22750 til bunde fond). Statlege overføringar knytt til reformer må nyttast spesifikt til reformarbeidet, elles må ein betale dei attende til staten. Alle utgifter og inntekter knytt til desse statlege midlane vert ført i fellesrådet sin rekneskap med spesifisering «Trusopplæring», og inntekt (statleg overføring) skal vere lik lønsutgifter, andre driftsutgifter samt overføring til bunde fond (spesielt for 2014).

Utgiftene til løn og sosiale utgifter er førte på postane 30100 til 30990, og rekneskapen syner at det her er eit meirforbruk i høve til budsjett på kr. 428 000. I hovudsak skuldast dette stort meirforbruk på vikarposten pga. vakanse i organiststilling samt vikarar for fri helger til andre tilsette, samt meirforbruk på løn og sosiale utgifter pga. tilsetting av trusopplærar.

Andre ordinære driftsutgifter (post 31000-post 31951) har eit meirforbruk på kroner 130 000. Ein ser her at driftsutgifter knytt til Aktivitetsrelatert forbruksmateriell (post 31100) og anna forbruksmateriell (31200) har eit stort meirforbruk, noko som skriv seg frå innkjøp av salmebøker, databasert salmeverky og drift basert på trusopplæringsmidlar. Meirforbruket her vert altså i stor grad finansiert gjennom Tilskott frå staten (post 38000) og Bruk av ubunde fond (post 39400). Vidare ser ein at det er meirforbruk på postane til kurs og tilhøyrande reiseutgifter, heile staben deltok i 2014 på biskopen sine «stabsdagar» som er ei storsamling for alle kyrkjelege tilsette i bispedømet, og som vert arrangert kvart andre år.

Utgiftene til leasing av kopimaskin, gravemaskin og lastar (3200 og 32100) viser eit meirforbruk utan at ein har endra avtaler. Utgifter til vedlikehald av grøntanlegg viser eit forbruk på kr 80 000 meir enn budsjett, dette er delvis dekt opp i refusjon frå soknerådet som gjeld ekstra vedlikehald på park ved Herøy kyrkje. Når det gjeld dei andre postane til vedlikehald (32300, 32400 og 32500) har ein samla sett ikkje meirforbruk.

Andre tenester (post 32700) er først og fremst tenestene vi kjøper av Herøy kommune til rekneskap, 2 år med revisjonskostnader samt utgifter til mentor for trusopplæringa.

Det har tidlegare vore nemnt at fellesrådet fekk ei stor statleg overføring i 2014, post 38000 viser at det kom inn ca. kr. 461 000 i tilskott til Trusopplæring. Forbruk av desse midlane finn vi på løn, driftsutgifter, overføring til sokneråd og avsetting til bunde fond. Dei ordinære driftsinntektene knytt til festeavgift og husleige viser noko meir i inntekter enn budsjettet.

Post 38500 Tilskott frå sokneråd er midlar frå arv Høvik knytt til ekstra vedlikehald på park ved Herøy kyrkje.

Når vi ser på inntektene i driftsrekneskapen, ser vi at inntektene knytt til husleige (post 36300) og festeavgift (post 36400) er noko høgare enn budsjett. I denne samanhengen skal også nemnast at reelle inntekter for festeavgift 2014 er nærare 100 000 kroner høgare, men på bakgrunn av ein har skrive som tap ein del gamle fordringar mot kundar vert denne inntekta redusert med tilsvarande beløp. Dette tapet skriv seg attende til 2010/2011 og skuldast rekneskapsfeil og manglande kreditering. Det er likevel post 38000 som utgjer den store differansen til budsjett på inntektssida. Dette er dei før omtala statleg midlane til trusopplæring.

På bakgrunn av det som er skrive ovanfor kjem ein altså ut med eit negativt driftsresultat for Herøy kyrkjelege fellesråd 2014 med kr. 1 777.-

Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen syner utgifter og inntekter knytt til investeringar i 2014 (sjå vedlegg 2), han er sortert etter investeringsprosjekt. Herøy kyrkjelege fellesråd sine investeringar vert i hovudsak finansiert av løyvingar frå Herøy kommune (kommunestyrevedtak). Herøy kyrkjelege fellesråd har dei siste åra vore byggherre for prosjektet Kyrkjekjellaren i Herøy kyrkje, og dette prosjektet har vore finansiert av innsamla gåver (overført frå Herøy sokn til fellesrådet) og RDA-midlar (overføring frå Herøy kommune).

Vedlagt investeringsrekneskap syner at det er rekneskaps messig meirforbruk på prosjekt 43002 Klokkehus Tjøråvåg gravplass på kr. 159 230 (post 49800), det vert lagt fram eiga sak til kommunestyret om dekking av dette underskottet.

Vidare er det eit eigenkapitaltilskott KLP på kr. 9 989.- som må dekkast opp.

Balansen

Balanserekneskapen er oversikta over fellesrådet sine eigedelar og gjeld og utviklinga av desse (sjå vedlegg 4). Kyrkjer og gravplassar er soknet sine eigedelar, men desse er etter gjeldande regelverk teke inn i fellesrådet sin balanse. Som de ser av balansen har fellesrådet god likviditet (bankkonto linje 1) og fellesrådet sitt disposisjonsfond er på kr. 1 715 415.

Konklusjon

Driftsrekneskapen 2014 viser eit driftsunderskott på kr. 1 777.-, kyrkjeverja vil rå til at dette meirforbruket vert dekkast inn ved bruk av disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskaps messig meirforbruk på prosjekt 43002 Klokkehus Tjøråvåg gravplass, kr. 159 230 der ein søker kommunestyret om omdisponering av fellesrådet sine investeringsmidlar.

Kyrkjeverja vil også kome med framlegg om at eigenkapitaltilskottet til KLP, kr. 9 989,- vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.

Framlegg til vedtak:

1. Herøy kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskaperen for året 2014, datert 29.04.14 med eit underskott på kroner 1 777.-
2. Driftsunderskotett, 1 777.- vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.
3. Dekking av eigenkapitaltilskott til KLP for 2014, kr. 9 989.- vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.
4. Rekneskaps messig meirforbruk på prosjekt 43002 Klokkehus Tjørnvåg vert søkt dekt opp ved omdisponering av fellesrådet sine investeringsmidlar i eiga sak til Herøy kommunestyre.

Fosnavåg, 30.04.14


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Økonomisk oversikt - drift Harav kirkefellesskap

Tall i 1000 kroner	Note	Regnskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regnskap 2013
DRIFTSINNTEKTER					
Brukerbetalinger		0	0	0	0
Andre salgs- og leieinntekter		-399 899	-344 000	-344 000	-293 530
Overføringer med krav til motytelse		-6 737 496	-6 590 000	-6 590 000	-7 054 756
Rammetilskudd			0	0	0
Andre statlige overføringer		-460 975	0	0	0
Andre overføringer			0	0	0
Inntekts- og formuesskatt		0	0	0	0
Eiendomsskatt verk og bruk		0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom		0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter		0	0	0	0
Sum driftsinntekter		-7 598 370	-6 934 000	-6 934 000	-7 348 287
DRIFTSUTGIFTER					
Lønnsutgifter		3 840 592	3 372 000	3 372 000	3 320 826
Sosiale utgifter		882 404	905 000	905 000	714 845
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod		2 085 302	1 847 000	1 847 000	1 851 811
Kjøp av tjenester som erstatte kommunens tjenesteprod		111 455	0	0	0
Overføringer		430 867	440 000	440 000	453 212
Avskrivninger		1 673 584	0	0	1 846 899
Fordelte utgifter		0	0	0	0
Sum driftsutgifter		9 024 204	6 564 000	6 564 000	8 187 593
Brutto driftsresultat		1 425 834	-370 000	-370 000	839 306
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte		-11 550	-30 000	-30 000	-25 011
Gevinst finansielle instrumenter		0	0	0	0
Mottatte avdrag på lån		0	0	0	0
Sum eksterne finansinntekter		-11 550	-30 000	-30 000	-25 011
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og låneomkostninger		0	0	0	0
Tap finansielle instrumenter		0	0	0	0
Avdrag på lån		400 000	400 000	400 000	400 000
Utlån		0	0	0	0
Sum eksterne finansutgifter		400 000	400 000	400 000	400 000
Resultat eksterne finanstransaksjoner		388 450	370 000	370 000	374 989
Motpost avskrivninger		-1 673 584	0	0	-1 846 899
Netto driftsresultat		140 700	0	0	-632 604
BRUK AV AVSETNINGER					
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-316 645	0	0	-622 359
Bruk av disposisjonsfond		-161 674	0	0	-181 350
Bruk av bundne fond		0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger		-478 319	0	0	-803 709
AVSETNINGER					
Overført til investeringsregnskapet		0	0	0	510 127
Avsatt til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk		0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond		316 645	0	0	622 359
Avsatt til bundne fond		22 750	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum avsetninger		339 395	0	0	1 132 486
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk		1 777	0	0	-303 827

REKNESKAP 2014

Konto	Konto (T)	Rekn 2013	Rekn 2014	Budsj 2014	Forbr %
30100	Fastlønn	2 838 177,21	3 262 563,40	2 970 000,00	110 %
30108	Pensjonsgjevande tillegg	29 432,84	44 277,30	30 000,00	148 %
30200	Vikarar	137 353,10	207 268,82	69 000,00	300 %
30209	variable tillegg vikarar	85 142,51	88 602,53	90 000,00	98 %
30300	Ekstrahjelp	67 802,74	45 904,19	50 000,00	92 %
30508	Diverse lønsutbetaling	25 974,17	37 819,91	0,00	
30800	Godtgjersle folkevalde	36 500,00	35 800,00	60 000,00	60 %
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	3 068,80	0,00	3 000,00	0 %
30900	Pensjonsinnskott	339 095,50	432 180,29	470 000,00	92 %
30902	Kollektiv ulykke- og gruppelevforsikring	10 725,00	10 725,00	35 000,00	31 %
30990	Arbeidsgjevaravgift	365 024,24	439 498,84	400 000,00	110 %
	SUM LØN	3 938 296,11	4 604 640,28	4 177 000,00	110 %
31000	Kontormateriell	5 237,58	11 341,67	10 000,00	113 %
31002	Abonnement aviser og faglitteratur	1 727,00	3 996,80	4 000,00	100 %
31100	Aktivitetsrelatert forbruksmateriell/ utstyr/ tene	62 408,13	210 330,72	80 000,00	263 %
31151	Servering møter, kurs, representasjon	12 972,83	16 116,59	15 000,00	107 %
31200	Anna forbruksmateriell	27 448,58	73 159,01	25 000,00	293 %
31201	Arbeidskle	17 404,00	0,00	3 000,00	0 %
31202	Velferdstiltak	6 508,64	0,00	6 000,00	0 %
31208	Diverse utgifter	2 313,00	16 499,00	0,00	
31300	Post, banktenester, telefon	22 736,80	43 034,10	30 000,00	143 %
31301	Telefoni	22 329,50	12 149,18	25 000,00	49 %
31400	Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	75 424,90	28 054,80	75 000,00	37 %
31500	Opplæring kurs (ikkje oppgavepliktig)	7 979,52	40 309,74	25 000,00	161 %
31550	Reiseutgifter, opplæring (ikkje oppgavepliktig)	0,00	2 093,00	10 000,00	21 %
31600	Reiseutgifter, oppgavepliktige	97 375,35	118 356,46	100 000,00	118 %
31700	Reiseutgifter, drift av egne transportmiddel	5 412,67	13 844,40	6 000,00	231 %
31703	Reiseutgifter, ikkje oppgavepliktige	3 684,57	6 945,66	20 000,00	35 %
31800	Energi	327 729,58	326 824,79	350 000,00	93 %
31850	Forsikringar, vakttenester	84 448,00	98 067,46	85 000,00	115 %
31900	Leige av lokaler og grunn	1 200,00	1 200,00	2 000,00	60 %
31950	Avgifter, gebyr og lisensar	102 431,34	121 669,00	100 000,00	122 %

Konto	Konto (T)	Rekn 2013	Rekn 2014	Budsj 2014	Forbr %
31951	Lisenser/ serviceavgifter	60 932,25	22 312,00	65 000,00	34 %
	SUM ANDRE DRIFTSUTGIFTER	947 704,24	1 166 304,38	1 036 000,00	113 %
32000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmiddel	133 676,09	189 316,46	160 000,00	118 %
32100	Kjøp, leige og leasing av transportmiddel	115 353,60	106 057,60	95 000,00	112 %
32200	Leige av driftsmiddel		0,00	14 000,00	0 %
32300	Vedlikehold, byggjetenester og nybygg	184 721,74	50 044,98	80 000,00	63 %
32301	Vedlikehold grøntanlegg	282 419,78	360 502,40	280 000,00	129 %
32400	Serviceavtaler og reparasjoner	24 354,20	55 619,20	27 000,00	206 %
32500	Materiale til vedlikehold, påkosting og nybygg	57 066,33	33 536,23	60 000,00	56 %
32650	Vakthald og vektarreneste, alarm-system	28 759,60	26 172,54	35 000,00	75 %
32700	Andre tenester (som inngår i egenproduksjon), tid	175 130,88	216 105,20	160 000,00	135 %
33500	Refusjon til sokneråd	2 169,50	111 455,49		
34290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	417 299,25	408 565,04	420 000,00	97 %
34700	Tilskot/gåver til andre		400,00		
34702	Div. øre/kroneavrunding - øre/kronebalanse	5,60	133,83	0,00	
35000	Renteutgifter	28 986,00	21 063,00	20 000,00	105 %
35001	Morarenter	4 752,15	704,70	0,00	
35100	Avdragsutgifter	400 000,00	400 000,00	400 000,00	100 %
35400	Avsetnader til ubunde fond	622 359,05	316 645,17		
35500	Avsetnader til bunde fond (trusopplæring)		22 750,00		
	SUM VEDLIKEHALD/FINANS	2 477 053,77	2 319 071,84	1 751 000,00	132 %
	SUM SAMLA UTGIFTER	7 363 054,12	8 090 016,50	6 964 000,00	116 %
36200	Sal av varer og tenester, gebyr med vidare utanfor	-46 280,00	-51 325,00	-50 000,00	103 %
36201	Gebyrinntekter Avgiftsfritt	-10 705,00	-2 375,00	-8 000,00	30 %
36202	Trekk frå ansatte		-2 607,00	0,00	
36300	Husleigeinntekter/ utleige av lokaler/ festeavgift	-57 624,50	-96 217,50	-56 000,00	172 %
36400	Festeavgift	-178 920,00	-247 375,00	-230 000,00	108 %
37100	Sjukelønsrefusjon/ refusjonar frå trygdeetaten	-129 539,00	-18 924,00	0,00	
37290	Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapen	-417 299,25	-408 565,04	-420 000,00	97 %
37500	Refusjon frå sokneråd	-230 060,45	-365 991,24	-320 000,00	114 %
37700	Refusjon frå andre private	-17 931,72	-12 696,00		
38000	Tilskott frå staten		-460 975,00		
38300	Tilskot frå kommunen/ kommunale institusjonar	-5 749 800,00	-5 880 000,00	-5 850 000,00	101 %

Konto	Konto (T)	Rekn 2013	Rekn 2014	Budsj 2014	Forbr %
38500	Tilskott frå sokneråd		-51 320,00		
39000	Renteinntekter	-25 011,00	-11 550,00	-30 000,00	39 %
39300	Bruk av tidlegare års mindreforbruk	-622 359,05	-316 645,17		
39400	Bruk av ubunde fond	-181 350,00	-161 673,50		
	SUM SAMLA INNTEKTER	-7 666 879,97	-8 088 239,45	-6 964 000,00	116 %
39800	Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	-303 825,85	1 777,05	0,00	

Økonomisk oversikt - Investering Herøy kyrkjelege fellesråd

Tall i 1000 kroner	Note	Regnskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinnelig budsjett 2014	Regnskap 2013
INNETEKTER					
Salg driftsmidler og fast eiendom		0	0	0	0
Andre salgsinntekter		0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse		-8 487 516	0	0	-1 611 196
Støttiløp		0	0	0	0
Andre overføringer		0	0	0	-500 000
Renteinntekter, utbytte og eieruttak		0	0	0	0
Sum inntekter		-8 487 516	0	0	-2 111 196
UTGIFTER					
Lønnsutgifter		0	0	0	0
Sosiale utgifter		0	0	0	0
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.		6 918 098	0	0	2 111 196
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.		0	0	0	0
Overføringer		1 738 637	0	0	518 891
Renteutgifter og omkostninger		0	0	0	0
Fordeelte utgifter		0	0	0	0
Sum utgifter		8 656 735	0	0	2 630 087
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER					
Avdrag på lån		0	0	0	0
Utlån		0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler		0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekkede merforbruk		0	0	0	767 085
Avsatt til ubundne investeringsfond		0	0	0	0
Avsatt til bundne fond		0	0	0	0
Avsatt til likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjoner		0	0	0	767 085
Finansieringsbehov		169 219	0	0	1 285 976
FINANSIERING					
Bruk av lån		0	0	0	0
Salg av aksjer og andeler		0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponerte mindreforbruk		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån		0	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet		0	0	0	-510 127
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0	-767 085
Bruk av ubundne investeringsfond		0	0	0	0
Bruk av bundne fond		0	0	0	0
Bruk av likviditetsreserven		0	0	0	0
Sum finansiering		0	0	0	-1 277 212
Udekket / Udisponert		169 219	0	0	8 764

Konto	Konto (T)	Prosjekt	Prosjekt (T)	Beløp
42300	Nybygg/ nyanlegg/ rehabilitering	42001	Kyrkjekjellaren Herøy Kyrkje	1 678 838,00
44290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	42001	Kyrkjekjellaren Herøy Kyrkje	419 066,99
47290	Kompensasjon moms investeringsregnskapet	42001	Kyrkjekjellaren Herøy Kyrkje	-419 066,99
48500	Tilskot frå sokneråd	42001	Kyrkjekjellaren Herøy Kyrkje	-1 678 838,00
		42001	Kyrkjekjellaren Herøy Kyrkje	0,00
42300	Nybygg/ nyanlegg/ rehabilitering	42003	Oppgradering Indre Herøy Kyrkje	825 450,40
44290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	42003	Oppgradering Indre Herøy Kyrkje	206 362,61
47290	Kompensasjon moms investeringsregnskapet	42003	Oppgradering Indre Herøy Kyrkje	-206 362,61
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	42003	Oppgradering Indre Herøy Kyrkje	-825 450,40
		42003	Oppgradering Indre Herøy Kyrkje	0,00
42300	Nybygg/ nyanlegg/ rehabilitering	43001	Moltu Gravplass	3 693 152,05
44290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	43001	Moltu Gravplass	922 609,27
47290	Kompensasjon moms investeringsregnskapet	43001	Moltu Gravplass	-922 609,27
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	43001	Moltu Gravplass	-3 693 152,05
		43001	Moltu Gravplass	0,00
42300	Nybygg/ nyanlegg/ rehabilitering	43002	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	650 533,83
44290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	43002	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	163 078,10
47290	Kompensasjon moms investeringsregnskapet	43002	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	-163 078,10
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	43002	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	-491 303,83
49800	Rekneskapsmessig meirforbruk	43002	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	-159 230,00
		43002	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	0,00
42300	Nybygg/ nyanlegg/ rehabilitering	43003	Kvalsund gravplass	70 123,90
44290	Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	43003	Kvalsund gravplass	17 530,98
47290	Kompensasjon moms investeringsregnskapet	43003	Kvalsund gravplass	-17 530,98
48300	Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	43003	Kvalsund gravplass	-70 123,90
		43003	Kvalsund gravplass	0,00
45200	Utlån, kjøp av aksjar og partsdelar	49000	Egekapitaltilskot KLP	9 989,00
49800	Rekneskapsmessig meirforbruk	49000	Egekapitaltilskot KLP	-9 989,00
		49000	Egekapitaltilskot KLP	0,00
				0,00

Balanseregnskapet Håøy kyrkjelege fellesråd

Tall i 1000 kroner Note Regnskap 2014 Regnskap 2013

EIENDELER

ANLEGGSMIDLER

Faste eiendommer og anlegg	76 396 066	69 142 957
Utstyr, maskiner og transportmidler	12 323	292 273
Utlån	0	0
Aksjer og andeler	158 987	148 998
Pensjonsmidler	0	0
Sum anleggsmidler	76 567 376	69 584 228

OMLØPSMIDLER

Kortsiktige fordringer	4 528 703	2 172 495
Premieavvik	0	0
Aksjer og andeler		0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	1 173 642	1 039 938
Sum omløpsmidler	5 702 345	3 212 433

Sum eiendeler	82 269 721	72 796 661
----------------------	-------------------	-------------------

EGENKAPITAL OG GJELD

EGENKAPITAL

Disposisjonsfond	-1 715 415	-1 560 443
Bundne driftsfond	-22 750	0
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond	-5 000	-5 000
Endring i regnskapsprinsipp investering	0	0
Endring i regnskapsprinsipp drift	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	0	-316 645
Regnskapsmessig merforbruk	1 777	0
Udlsponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	177 983	8 764
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-75 367 381	-67 968 101
Sum egenkapital	-76 930 786	-69 841 426

GJELD

LANGSIKTIG GJELD

Pensjonsforpliktelser	0	0
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-1 200 000	-1 600 000
Sum langsiktig gjeld	-1 200 000	-1 600 000

KORTSIKTIG GJELD

Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-4 138 934	-1 355 235
Premieavvik	0	0
Sum kortsiktig gjeld	-4 138 934	-1 355 235

Sum egenkapital og gjeld	-82 269 721	-72 796 661
---------------------------------	--------------------	--------------------

0 0

Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0
Sum memoriakonti	0	0

Balansen Herøy kyrkjelege fellesråd 2014

	Konto (T)	Beløp
51020001	Sparebanken Møre, 3909.07.56161	985 537,12
51020002	Sparebanken Møre, 3910.51.19759	886,00
51098001	Skattetrekk Sbm, 3909.30.46904	187 219,00
51314010	Ref. momskompensasjon investering	1 847,20
51314020	Ref. MVA. kompensasjon drift	11 392,16
51314080	Grunnlag momskompensasjon	52 957,45
51314090	Oppgjerskonto momskompensasjon	866 537,00
51375001	Ref. frå Herøy kommune	2 439 950,33
51375002	Samlekonto Debitorar frå 2011	26 200,00
51375003	Påløpt inntekt som er fakturert	184 350,00
51375010	Anna tilgodehavande	902 154,02
21375100	Kundereskonto	43 315,00
52110000	K L P - egenkapitalinnskot	96 487,00
52120000	Andel Sævik vasslag	14 000,00
52130000	Andel Nerlandsøy vasslag	1 000,00
52140000	Andel Bergsøy vasslag	47 500,00
52420000	Inventar Herøy kyrkje	12 318,58
52450000	Inventar Herøy kyrkje	4,00
52710000	Herøy kyrkje	38 715 919,01
52710001	Herøy kyrkje - kyrkjekjellaren	7 236 948,00
52710010	Uteareal Herøy kyrkje	5 124 281,95
52710020	Kapell Herøy kyrkje	3 367 575,64
52720000	Leikanger kyrkje	2 053 924,98
52730000	Indre Herøy kyrkje	2 946 472,79
52740000	Klokkehus Tjørnvåg gravplass	824 483,00
52750000	Flusund gravplass	6 918 570,50
52760000	Remøy gravplass	3 699 862,43
52770000	Moltu gravplass	5 119 918,50
52780000	Kvalsund gravplass	388 109,15
53214000	Oppgj. konto skattetrekk	-176 512,00
53214080	Grunnlag MVA-komp. motkonto	-52 957,45
53214200	Påleggstrekk	-5 000,00
53214300	Arbeidsgjvaravgift	-80 268,41
53275017	Avsatt feriepengar i opptjeningsåret	-394 616,57
53275067	Avsatt arb.giv.avg. av feriepengar i opptjeningsår	-41 829,35
53299740	Kortsiktig gjeld andre	-59 795,43
23499501	Leverandørreskonto	-3 327 955,30
54500000	Lån Opplysningsvesenets fond	-1 200 000,00
55100000	Bunde fond trusopplæring	-22 750,00
55500010	Gåvefond Kapell	-5 000,00
55600001	Disposisjonsfond	-1 715 415,02
55900990	Rekneskapsmessig meirforbruk	1 777,05
55970001	Underskot investeringsrekneskapet	177 983,00
55990000	Kapitalkonto fast eigedom	-76 396 065,95
55990100	Kapitalkonto utstyr/maskin/transportm.	-12 328,38
55990200	Kapitalkonto aksjar og andelar	-158 987,00
55990300	Kapitalkonto innlån	1 200 000,00
		0,00

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Herøy kyrkjeleg fellesråd

6090 FOSNAVÅG

REVISJONSUTTALE 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Herøy kyrkjeleg fellesråd for 2014. Årsrekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap og balanse 31.12, og viser eit rekneskapsmessig meirforbruk på 1.777,05, og akkumulert underskot frå investeringsrekneskapen på 177.983,-

Fellesrådet og kyrkjeverja sitt ansvar for årsrekneskapen

Fellesrådet og kyrkjeverja er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Fellesrådet og kyrkjeverja har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå nødvendig tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber gjennomføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for soknerådet si utarbeiding av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ein meinig om effektiviteten av soknerådet sin interne kontroll. Revisjonen omfatter og ein vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ein vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Uttale om andre forhold

Budsjett:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte, meiner vi at regulert budsjett er i samsvar med budsjettvedtak. Årsrekneskapen viser både meirforbruk men og tilsvarende meirinntekter vurdert opp mot regulert budsjett .

Årsmelding:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Registrering og dokumentasjon:

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av fellestrådet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

KONKLUSJON:

Etter vår meining er årsrekneskapen, med unntak av det som går fram ovanfor, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Fellestrådet pr 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Herøy/Ulsteinvik 30. mai 2015


Bodill Skeide

Reg. revisor

Noter til årsrekneskapet 2014

Herøy kyrkjelege fellesråd

NOTE 1 Rekneskapsprinsipper

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med lov og avtaleverk, og god kommunal rekneskapskikk.

NOTE 2 Lønnskostnader

Konto	Konto (T)	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2014
30100	Fastlønn	2 838 177,21	3 262 563,40	2 970 000,00
30108	Pensjonsgjevande tillegg	29 432,84	44 277,30	30 000,00
30200	Vikarar	137 353,10	207 268,82	69 000,00
30209	variable tillegg vikarar	85 142,51	88 602,53	90 000,00
30300	Ekstrahjelp	67 802,74	45 904,19	50 000,00
30500	Anna lønn	6 720,00		
30508	Diverse lønsutbetaling	19 254,17	37 819,91	
30800	Godtgjersle folkevalde	36 500,00	35 800,00	60 000,00
30802	Tapt arbeidsgodtgjersle	3 068,80		3 000,00
30900	Pensjonsinnskott	339 095,50	432 180,29	470 000,00
30902	Kollektiv ulykke- og gruppelivforsikring	10 725,00	10 725,00	35 000,00
30990	Arbeidsgjevaravgift	365 024,24	439 498,84	400 000,00

NOTE 3 Lån

Konto	Konto (T)	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
54500000	Lån Opplysningsvesenets fond	1 600 000,00	1 200 000,00	-400 000,00

NOTE 4 Fond

Konto	Konto (T)	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
55100000	Bunde fond trusopplæring		22 750,00	22 750,00
55500010	Gåvefond Kapell	5 000,00	5 000,00	0,00
55600001	Disposisjonsfond	1 560 443,35	1 715 415,02	154 971,67

NOTE 5 Kapitalkonto

	Debet	Kredit
Inngående balanse pr 01.01.14		67 968 101,33
Avskrivning av fast eiendom	1393 637,00	
Aktivering av fast eiendom		8 646 746,00
Avskrivning av utstyr/maskin/transportm.	279 947,00	
Aktivering aksjer og andelar		9 989,00
Korr diff vedr. Aksjer og andelar		16 129,00
Bet. Avdrag lån		400 000,00
Utgående balanse pr 31.12.14	75 367 381,33	
SUM	77 040 965,33	77 040 965,33

NOTE 6 Rekneskapsmessig meirforbruk drift

Konto	Konto (T)	Beløp
39800	Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot)	-1 777,05

NOTE 7 Rekneskapsmessig meirforbruk investering

Konto	Konto (T)	Beløp
49800	Rekneskapsmessig meirforbruk	-177.983,00

Herøy kommune har betalt kr 159.230,- for mykje til Fellestrådet på prosjekt 43002 klokkehus Tjørnvåg gravplass i 2014. Dette må dekkast opp i 2015. Saka skal opp til politisk behandling.

Kr. 8.764 er eigenkapitaltilskot 2013

Kr. 9.989 er eigenkapitaltilskot 2014

Dette skal dekkast opp i 2015.

NOTE 8 Gammal kundefordring


Konto	Tekst	Beløp
51375002	Inngående balanse pr. 01.01.14	75 455,00
51375002	Fordring frå 2011 og gamlare som er feilaktig inntektsført	-49 255,00
	Saldo pr 31.12.14	26 200,00

Dette var kundefordring frå 2011 og eldre som var delvis feilaktig inntektsført. Det har vore differanse mellom Gravlund og rekneskapsystem. Til dømes har fordringar vorte krediterte i Gravlund men ikkje i rekneskapsprogrammet. Eit anna døme er at det har vorte dobbelt inntektsført, både ved føring av faktura og ved føring av innbetalinga frå kunde. Over fleire år har dette ført til at ein del fordringar har blitt ståande og vorte feilaktig inntektsført.

Dette vel vi i 2014 å gjer noko med, og etter nøye gjennomgang vert det bestemt at kr 49.255 skal tilbakeførast sidan det er dobbelt inntektsført . Resten kr. 26.200 skal framleis stå på konto 51375002 sidan dei ikkje er dobbelførte, og det er forhåpning om å få dekt opp desse fordringane iløpet av 2015.

Fosnavåg, 05.05.2015

Johanna Runde



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

Lisjebøvegen 1

6091 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

7. MAI 2015

SAK 10/15

ARKIV 046

ÅRSMELDING HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD 2014


HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD HAR FATTA SLIKT SAMRØYSTES VEDTAK:

Herøy kyrkjelege fellesråd tek årsmeldinga 2014 til vitande

Fosnavåg, 15.05.15


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Ekspd.: HK



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

F.R. SAK: 10 /15
ARKIV: 046
SAK HANDS.: MSL

ÅRSMELDING 2014 HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Etter Kyrkjemøtet sitt vedtak om "Reglar om formene for soknerådet og kyrkjeleg fellestråd si verksemd" § 9 er følgjande sagt om fellestrådet si årsmelding:

"Kyrkjeleg fellestråd utarbeider innan utgangen av første kvartal kvart år ein årsrapport over rådet si verksemd i siste kalenderår. Rapporten vert oversendt til sokneråda, bispedømmerådet, kommunen, prosten og andre som fellestrådet bestemmer."

Kyrkjeleg Fellestråd har si oppgåve definert i § 14 i Lov om Den norske kyrkja (Kyrkjelova):
§ 14. Kirkelig fellestråds oppgaver.

Kirkelig fellestråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen.

Kirkelig fellestråd er ansvarlig for:

- a) bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b) anlegg, drift og forvaltning av gravplasser,
- c) opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellestrådet budsjett,
- d) anskaffelse og drift av menighets- og prestekontor,
- e) administrativ hjelp for prosten når staten yter tilskudd til det,
- f) - - -
-)
- g) anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.

Kirkelig fellestråd foretar tilsetting av og har arbeidsgiveransvaret for alle tilsatte som lønnes over fellestrådet budsjett. Før tilsetting og fastsetting av instruks skal vedkommende menighetsråd gis anledning til å uttale seg. Kirkelig fellestråd kan bemyndige menighetsråd til å utøve tilsettingmyndighet og andre arbeidsgiverfunksjoner for stilling hvor dette ellers ville ligge til fellestrådet. Kirkelig fellestråd kan også tildele utvalg som nevnt i § 35 første ledd myndighet til å foreta tilsetting og treffe avgjørelser i saker som gjelder forholdet mellom soknene eller soknet som arbeidsgiver og de tilsatte.

Kirkelig fellestråd forvalter inntekter og formue knyttet til kirke og kirkefond, midler som utredes av kommunen eller staten og midler menighetsråd stiller til fellestrådet disposisjon for å løse oppgaver i soknene. Regler om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon gis av departementet.

Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som det til enhver tid er pålagt av Kongen eller departementet, eller som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd.

Kirkelig fellesråd foretar tilsetning av og har arbeidsgiveransvaret for alle tilsatte som lønnes over fellesrådets budsjett. Før tilsetning og fastsetting av instruks skal vedkommende menighetsråd gis anledning til å uttale seg. Kirkelig fellesråd kan bemyndige menighetsråd til å utøve tilsetningmyndighet og andre arbeidsgiverfunksjoner for stilling hvor dette ellers ville ligge til fellesrådet. Kirkelig fellesråd kan også tildele utvalg som nevnt i § 35 første ledd myndighet til å foreta tilsetning og treffe avgjørelser i saker som gjelder forholdet mellom soknene eller soknet som arbeidsgiver og de tilsatte.

Kirkelig fellesråd forvalter inntekter og formue knyttet til kirke og kirkefond, midler som utredes av kommunen eller staten og midler menighetsråd stiller til fellesrådets disposisjon for å løse oppgaver i soknene. Regler om budsjettordning, regnskapsføring og revisjon gis av departementet.

Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som det til enhver tid er pålagt av Kongen eller departementet, eller som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd.»

Etter same lov § 9 skal sokneråda ha si merksemd vendt mot alt som kan gjerast for «å vekkje og nære det kristelege livet i sokna»

Medlemene i fellesrådet er sett saman av 2 medlemar frå kvart sokneråd, ein kommunal representant (valt av kommunestyret) og ein geistleg representant (utpeikt av prostens). Personane som no utgjer Herøy kyrkjelege fellesråd har site sidan 01.12.2011, og 2014 var soleis deira 3. heile arbeidsår. Leiar og nestleiar i fellesrådet vert valt kvart år. Leiar i 2014 var Tor Sindre Steinsvik (kommunal representant) og nestleiar var Katrin Dahlstrøm (indre Herøy sokneråd). Nytt sokneråd kjem i funksjon frå 01.11.15 og nytt fellesråd skal vere i funksjon frå 01.12.15.

Fellesrådet hadde 8 møter og det vart handsama 55 saker, 16 av desse sakene gjaldt godkjenning av innkalling og møtebøker. Andre faste saker gjaldt budsjett/budsjettkontroll. Vidare handsama fellesrådet saker vdk. klokkehus i Tjørvåg, utviding av gravplassane på Moltu og Kvalsund, planar for gravplassen på Herøy, rehabilitering Indre Herøy kyrkje, tilsetjingssaker og diverse andre saker.

Arbeidstilhøve

Det er totalt 9,17 årsverk som vert administrert av fellesrådet pr. 31.12.14. Av dette er 50% årsverk ungdomsarbeidarar, 20% leiar Open barnehage og 10% KRIK-arbeidar som er løna av Herøy sokn. Frå juni fekk ein tildelt statleg midlar til trusopplæring, og frå 01.09.14 hadde vi tilsett 100% trusopplærar. Frå 01.01.14 hadde vi i alt 230% prestestilling som var fordelt på 3 prestar (100/100/30)

Fellesrådet hadde pr. 31.12.14 heile 13 tilsette, medan Herøy sokn hadde 3 tilsette og bispedømerådet hadde 3 tilsette. Av fellesrådet sine 13 tilsette er 10 fast tilsette og 3 på mellombelse arbeidsavtaler. Av desse har 5 heil stilling, 3 personar har mellom 50% og 90% stilling og dei resterande 5 har mellom 10% og 30% stilling.

Sjukefråveret i 2014 var sett året under eitt på 0,95%. Til samanlikning hadde Herøy kommune eit samla sjukefråværet på 8,12% i 2014. Sjukefråværet i 2013 var på 3,5%

Hausten 2014 var første gang på svært lenge at fellesrådet ikkje hadde vakanse i nokon av sine stillingsheimlar. Organist for Indre Herøy og Leikong vart tilsett frå 01.08.14 og trusopplærar vart tilsett frå 01.09.14. I dei stillingane der vi ikkje har fast tilsette har vi timebaserte vikarar som fungerer svært godt.

Det er positivt og fornyande å få nye tilsette i ein etablert organisasjon, samarbeidet på kontoret er godt og vi ser lyst på auka aktivitet med nye tilsette.

Fellesrådet har framleis har utfordringar knytt både til stillingsstorleik, fysisk arbeidsmiljø og psykososialt arbeidsmiljø.

Berre gravplassarbeidarane er pt. innmelde i bedriftshelsetenesta.

Økonomiske tilhøve

Rekneskapen vert lagt fram for godkjenning med eit ordinært driftsunderskott på kr. 1 777. Det vert vist til sak 09/15 for nærare utgreiing om denne saka.

Kyrkjene

Det er ei konstant utfordring å ha midlar og planleggingskapasitet til å halde eit jamt og godt vedlikehaldsarbeid på kyrkjebygga slik at ein over tid held bygningane i god stand. Planlegging av arbeidet med rehabilitering av Indre Herøy kyrkje vart ferdig hausten 2014, og arbeidet er no sett i gang. Målet er at Indre Herøy kyrkje skal vere ferdig vølt utvendig og innvendig til kyrkja feirar 100 år i 2016.

Herøy kyrkje nådde ein ny målepæl etter at byggesteg 1 og 2 i kyrkjekjellaren vart avslutta i desember 2014. Dette prosjektet har kosta om lag 4 mill. kroner og det er finansiert ved dugnadsarbeid, gåver og RDA-midlar. Herøy kyrkje har allereie vorte 12 år, og behovet for utvendig vedlikehald er synleg. Det var ikkje rom for måling av kyrkja i 2014.

Gravplassane

Dei siste åra har det skjedd ei positiv utvikling når det gjeld stell og vedlikehald på gravplassane, det er likevel ein veg å gå før vi har fått innført gode nok rutinar som gjer at vi vedlikeheldet vert jamt over høgare. Grasklippinga vart også i 2014 utført av eksternt firma, og fellesrådet vedtok å høgne denne standarden.

Prosjektet utviding av Moltu gravplass vart slutført i 2014, og ein kunne då ta i bruk eit nytt flott anlegg med graver for framtida.

Klokkehuset på Tjørnvåg vart rive og nytt hus med verkstad, pauserom og toalett har kome på plass. Det er vidare løyvd midlar til opparbeiding av uteområdet ved klokkehuset.

Planarbeidet for utviding av Kvalsund gravplass er under arbeid, og ein vil starte anleggsarbeidet i 2015.

Måloppnåing

Fellesrådet sine oppgåver er vidt formulert i Lov om den norske kyrkje (Kyrkjelova), og det finnst ikkje forskrifter eller rundskriv som talfester nivåert tenestene skal ligge på.

Fellesrådet har heller ikkje sjølv fatta vedtak om kva nivå desse oppgåvene skal ligge på, og ein har difor svært få, eller ingen parameter å måle innsatsen i. Sjølv sagt er budsjett og rekneskap viktige styringsreiskaper, men desse fortel først og fremst kor mykje pengar ein brukar på å gje eit tilbod eller utrette eit tiltak, det fortel ingen ting om kvaliteten på tiltaket eller tenesta. På nasjonalt nivå vert det stadig arbeidd med å finne modellar for måloppnåing, men kyrkjeverja arbeider for tida ikkje systematisk med dette.

Utfordringar dei komande åra

Herøy kyrkjelege fellesråd si framtid heng nært saman med eventuelle endringar som vert gjort i kommunestrukturen i vårt område. Etter gjeldande regelverk skal det i kvar kommune vere eit fellesråd, noko som betyr at om kommunestrukturen vert enda så vil også fellesrådsstrukturen verte endra.

Uavhengig av kommunestruktur vil det på litt lenger sikt verte endringar i den kyrkjelege strukturen. Kyrkja arbeider med framtidig organisering, og den lokale kyrkja skal våren 2015 kome med uttale om kyrkja si organisering i framtida. Det skjer for tida drøftingar om finansiering i framtida, arbeidsgjevaransvar i framtida osv.... Det er semje om at kyrkja vert eige rettssubjekt frå 2017 og at prestane frå den dato formelt vert «flytta» frå staten til kyrkja. Vidare peikar det i retning av at soknet skal vere den grunnleggande eininga (som i dag), men spørsmålet vert vel kor stort eit sokn skal vere. Sokna kan altså i framtida verte av ein annan storleik enn i dag.

Uavhengig av organisering vil det også i framtida vere slik at det meste av dei arbeidsoppgåvene som ligg i kyrkja sitt oppdrag må verte utført av menneske, og vi er svært avhengige av å ha god tilgang på godt kvalifisert arbeidskraft. For å kunne behalde gode medarbeidarar og rekruttere nye, gode medarbeidarar treng fellesrådet å ha stabil og god økonomi. Berre på den måten kan vi tilby gode arbeidstilhøve og løn som er på line med løna i anna offentleg verksemd.

Vidare er det slik at fellesrådet har ein del oppgåver knytt til m.a. gravferder som krev kapital for å kunne bygge ut, drifte og vedlikehalde alle dei 8 gravplassane i kommunen. Det er også eit stort behov for kapital til å vedlikehalde og utvikle dei 3 kyrkjebygga i Herøy.

Etter gjeldande regelverk har fellesrådet også økonomiske forpliktingar ovanfor sokneråda for at dei skal kunne få gjere sin jobb.

Dei strukturelle endringar i Den norske kyrkja, det at kyrkja er lausriven frå staten vil kunne skape nye utfordringar i framtida. Vi kjenner enno ikkje til korleis ein tenkjer at kyrkja si drift skal verte finansiert i framtida; skal det vere som no med statlege og kommunale overføringar eller vil kyrkja i større grad måtte finansiere si eiga drift – anten gjennom sine medlemar eller på annan måte? Mykje av det grunnleggande arbeidet i kyrkja skjer i nært samarbeid med frivillige, og vi veit vel heller ikkje korleis kyrkja si medlemsmasse vil utvikle seg i framtida.

Kyrkja har ein solid plass i Herøysamfunnet. Dei kristne grunnverdiane og kulturarven står framleis stødig i vårt nærrområde. Samfunnet vert stendig meir fleirkulturelt og DNK skal vere kyrkje i eit samspel med mange andre religionar også i framtida!

Sokna sine årsstatistikkar for 2014 syner at det har vore ein liten nedgang i talet medlemar, dette skuldast ikkje mange utmeldingar, forklaringa ligg vel heller i at ein stor del av folkeauken i Herøy skjer ved innflytting av menneske frå andre land. Som i landet elles syner gudstenestedtakinga i alle 3 sokna ein svak nedgang frå 2013 til 2014, men det er likevel slik at talet på døypte og konfirmerte er jamt høgt og stabilt og mest alle born vert både døypt og konfirmerte i Herøy.

Med statlege midlar til å drive trusopplæring er det likevel all grunn til å sjå optimistisk på framtida til Kyrkja i Herøy!

Framlegg til vedtak:

Herøy kyrkjelege fellesråd tek årsmeldinga 2014 til vitande

Fosnavåg, 30.04.15
Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Fra: postmottak
Sendt: 25. juni 2015 11:39
Til: Arkiv
Emne: VS: Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Fosby Geir [<mailto:Geir.Fosby@dss.dep.no>]
Sendt: 25. juni 2015 11:06
Til: ellen.fiksdal@jd.dep.no
Kopi: Fosby Geir
Emne: Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme

Vedlagt følger "Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme"

Mvh
Justis- og beredskapsdepartementet
Politiavdelingen



**DET KONGELIGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT**

Statsråden

Alle kommuner
Alle fylkeskommuner

Deres ref.

Vår ref.
15/1351 - SSN

Dato
25.06.2015

Nasjonal veileder for å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme

Sommeren 2014 gav regjeringen ut den nasjonale Handlingsplanen mot radikaliserings og voldelig ekstremisme. Handlingsplanen ble utarbeidet i et samarbeid mellom 9 departement, og inneholder 30 tiltak hvor ansvaret for gjennomføring er fordelt på de ulike departement. Med handlingsplanen ønsker regjeringen å løfte arbeidet med å forebygge radikaliserings og voldelig ekstremisme. Det er et mål at tiltakene i planen skal gi konkrete verktøy for de som arbeider med disse utfordringene i praksis.

Som et resultat av tiltak 6, «Utarbeide veiledningsmateriell», lanserte regjeringen 15. april 2015, en nasjonal veileder for å bidra til arbeidet med forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme.

Denne veilederen skal hjelpe lærere, politi, helsearbeidere, ungdomsarbeidere, ansatte i NAV-kontor og andre til å oppdage og raskt sette i gang tiltak når utfordringer oppstår. Veilederen er utarbeidet med innspill fra seks departementer med underliggende direktorater, og retter seg mot aktører i førstelinjen på tvers av sektor og fag. Den bygger videre på kapittel 5 «Håndtering ved bekymring», i Regjeringens handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme.

Regjeringen vil gjennom denne nasjonale veilederen gjøre relevant informasjon mer tilgjengelig. Dette for å gi førstelinjen større mulighet til å møte fenomenet med god kunnskap. Veilederen skal bidra til økt trygghet og skape et grunnlag for å håndtere en bekymringsfull utvikling hos enkeltpersoner og miljøer. Veilederen er digital og den har en rekke lenker til nettsteder og tiltaksmateriell. Den vil være gjenstand for regelmessige oppdateringer. Dette gjør det mulig å utvikle innholdet i tråd med skiftende utfordringer og endret trusselbilde. Det er et mål at kommunene, skoleverket,

politiet og andre relevante førstelinjetjenester, bruker veilederen aktivt, og at det også utarbeides egne lokale veiledere. Enkelte kommuner har i samarbeid med lokalt politi, allerede gått i gang med å lage en veileder tilpasset sitt lokalsamfunn. Noen av disse er lenket til den nasjonale veilederen som gode eksempler på hva som kan gjøres. Veilederen finner du på www.radikalisering.no.

Innspill til den nasjonale veilederen kan rettes til de respektive direktoratene, som vil gjøre en faglig vurdering av innspillet før det sendes Justis- og beredskapsdepartementet som har ansvar for oppdatering. Eventuelt kan også innspill sendes direkte til Justis- og beredskapsdepartementet der et direktorat ikke er et naturlig mellomledd.


Med vennlig hilsen



Justis- og beredskapsminister
Anders Anundsen



Arbeids- og sosialminister
Robert Eriksson



Barne-, likestillings- og inkluderingsminister
Solveig Horne



Helse- og omsorgsminister
Bent Høie



Kommunal- og moderniseringsminister
Jan Tore Sanner



Kulturminister
Thorhild Widvey



Kunnskapsminister
Torbjørn Røe Isaksen

Kopi:

Arbeids- og sosialdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kulturdepartementet
Kunnskapsdepartementet

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Servicetorget

Saksnr
2015/838

Arkivkode
U63

Dato
08.06.2015

ALKOHOLOMSETTING 2014

Skjenkestadane samla dei siste åra:

	2010	2011	2012	2013	2014
Sum øl	20.215 +87,7%	20.391 + 0,87%	19 317 -5,26%	18 049 -6,56%	19 254 + 6,67%
Sum vin	1.677 -57,7%	1.859 +10,87	1 906 +2,52%	2 409 +26,39%	6 189 156,91%
Sum brennevin	381 -29,7%	386 - 1,3%	412 +6,73%	450 +9,22%	831 84,66%

Skjenkestadane har hatt stor auke i omsetting både når det gjeld øl, vin og brennevin. Dette er ein klar samanheng med etablering av nytt hotell i Fosnavåg.

Salsstadane:

	2010	2011	2012	2013	2014
SUM	235.098 - 23%	244.140 + 3,8%	256.852 +5,2	267 423 +4,11	282 174 5,51%

Sidan 2011 har det vore ein auke i sal frå butikk. Prosentvis auke har ikkje tidlegare vore så høg.


Wenche Moltu



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Herøy kyrkje
Lisjebøvegen 1
6090 Fosnavåg

R-

	HERØY KOMMUNE
	RÅDMANNEN
Reg.nr. 2015/99	Saksbeh.
25 JUNI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode: S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassas	

Herøy kommune
her
Sokneråda i Herøy
her

DATO:25.06.2015
ARKIV: 531
REF.:

«VEIVALG FOR FREMTIDIG KIRKEORDNING» UTTALE TIL HØYRING


Vedlagt følger sak 11/15 handsama av Herøy kyrkjelege fellesråd i møte 17.06.15

Saka vert sendt Dykk til orientering.

Med helsing


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

Vedlegg: sak 11/15



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

6090 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD	17. JUNI 2015	SAK 11/15	ARKIV 531
----------------------------	---------------	-----------	-----------


«VEIVALG FOR FREMTIDIG KIRKEORDNING»

Saka vart teken til vitande

Fosnavåg, 24.06.2015


Marit Sævik Leinebø
kyrkjeverje

Ekspd.: sokneråda



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

F.R. SAK:11/15
ARKIV:531
SAK HANDS.:msl

Veivalg for fremtidig kirkeordning Meldingsak

Herøy kyrkjelege fellesråd vedtok i sitt møte 7. mai 2015, sak 11/15 fylgjande vedtak:

Det vert oppretta ei prosjektgruppe med fylgjande medlemar:

1. *Bjørn Otterlei*
2. *Katrin Dahlstrøm*
3. *Knut Magne Dalsbø*
4. *Marit Sævik Leinebø*

Prosjektgruppa får som mandat å kome med høyrings svar frå Herøy kyrkjelege fellesråd

Prosjektgruppa sitt høyrings svar vert med dette lagt fram til orientering.

Fosnavåg, 12.06.15


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettadressen: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Høringssvar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon: Herøy kyrkjelege fellesråd

Adresse: Lisjebøvegen 1, 6091 Fosnavåg

Kontaktperson: Kyrkjeverje Marit Sævik Leinebø

Høringsspørsmålene

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

Alle kyrkjelege tilsette bør ha ein felles arbeidsgjevar

Viktig at sokneråda får moglegheit til drive med sitt arbeid; «Vekke og nære det kristelege liv i soknet».

Sokneråd/fellessråd er i dag for små einingar til å vere arbeidsgjevar. Arbeidsgjevaransvaret må ligge på bispedømenivå.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar: Livssynsavgift

Fordi det ikkje skal bli ekstra «dyrt» å tilhøyre eit trudomssamfunn, bør vere likt for alle.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Dersom ein legg til grunn at fellesråda pga. endringar i kommunestrukturen vert større einingar kan ein utnytte ressursane betre ved å fjerne prostinivået.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Det er viktig at sokna, som den grunleggande eininga, vert haldne så pass små at medlemmane kjenner tilhøyrighet og engasjement for si kyrkje og sitt sokn.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: JA. Fellesrådet vil likevel få litt endra innhald sidan dei ikkje lenger bør vere arbeidsgjevar.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: Når ein legg til grunn at kommunereformen vil føre til at kommunene vert større einingar enn i dag, vil det verte store nok einingar til at fellesråd kan ligge på kommunenivå.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: NEI

Sokneråd bør ha sine oppgåver slik dei ligg i dag, men det bør førast ressursar frå fellesråd til sokneråd slik at budsjettarbeid og sekretæroppgåver vert lagt til ein tilsett. Målet er å la soknerådet få jobbe med dei som er hovudoppgåva; godt frivillig kyrkjelydsarbeid.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: JA

Soknerådet bør ha overordna ansvar for all kyrkjeleg verksemd i soknet. Bispedømerådet bør ta vare dei overordna arbeidsgjevarfunksjonane. Den daglege leiinga vert delegert til dagleg leiar på nytt samarbeidsnivå (fellesråd).

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar: Dersom prestetenesta vert inkludert i soknet sitt verksemdsansvar meiner vi at presten kan, men ikkje må, verte gitt rolla som dagleg leiar i ei framtidig ordning for kyrkja. Det viktigaste her er likevel at den som skal vere leiar har dei rette kvalifikasjonane til å vere både åndeleg og administrativ leiar.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Arbeidsgjevar for alle kyrkjelege tilsette. Vidare skal biskopen ha åndeleg tilsyn med alle kyrkjelege tilsette. Det er og biskopen sitt ansvar å leie kyrkja framover i ei ny tid.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar: Det å vere arbeidsgjevar er det viktigaste verkemiddelet biskopen har for å kunne ta vare på tilsynet på ein god måte.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Vidareføring av ordninga vi har i dag

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: Bispedømerådet bør halde fram som eit demokratisk valt organ på bispedømenivå

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar: Bispedømerådet bør ha oppgåver som i dag, i tillegg til det å vere arbeidsgjevar for alle kyrkjelege tilsette

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar Alle kyrkjelege tilsette bør ha same arbeidsgjevar, og det bør vere bispedømerådet.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar: Tilsetjing av alle kyrkjelege tilsette bør skje på bispedømenivå, men dagleg leiing må delegerast til arbeidsleiar på eit lokalt nivå.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: Arbeidsgjevaransvaret bør verte utøvd likt i heile bispedømet.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar: biskopen bør ha både tilsetjingsmynde og tilsynsmynde.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Vidareføring av dagens ordning

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar Som i dag:

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Sjå pkt 1a i Kyrkjerådet sine førebelse kommentarar

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Preses i Bispemøtet bør få rolla med å utøve arbeidsgjevarfunksjonen.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Sjå kyrkjerådet sine fleirtalsvurderingar pkt. 1a, 2 og 3 a.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?


Svar: Lærenemnda bør først vidare slik ho fungerer i dag med same funksjonar som i dag.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Sjå kyrkjerådet si vurdering

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar Som kyrkjerådet si vurdering:



HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD

Kyrkjeverja

Lisjebøvegen 1

6091 Fosnavåg

SÆRUTSKRIFT

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD	7. MAI 2015	SAK 11/15	ARKIV 531
----------------------------	-------------	-----------	-----------

VEIVALG FOR FREMTIDIG KIRKEORDNING

HERØY KYRKJELEGE FELLESRÅD HAR FATTA SLIKT SAMRØYSTES VEDTAK:


Det vert oppretta ei prosjektgruppe med fylgjande medlemar:

1. Bjørn Otterlei
2. Katrin Dahlstrøm
3. Knut Magne Dalsbø
4. Marit Sævik Leinebø

Prosjektgruppa får som mandat å kome med høyringsvar frå Herøy kyrkjelege fellesråd.

Fosnavåg, 15.05.15


Marit Sævik Leinebø
Kyrkjeverje



HERØY KYRKJELEGE FELLESTRÅD

Kyrkjeverja
Lisjebøvegen 1
6091 Fosnavåg

F.R. SAK:11/15
ARKIV:531
SAK HANDS.:msl

VEGVAL FOR KYRKJEORDNINGA I FRAMTIDA HØYRING FRÅ HERØY KYRKJELEGE FELLESTRÅD

Sokneråd og kyrkjeleg fellestråd har fått til høyring eit stort og viktig spørsmål; Kva meiner sokneråd og fellestråd om vegval for kyrkjeordninga i framtida. Høyringsfrist er sett til 4. juni og ein har fått tilsendt høyringsnotatet i form av eit hefte på nærare 100 sider der ein skal ta stilling til 27 høyringsspørsmål.

Høyringa bygg på refleksjonsprosessen «Kyrkjeordning etter 2013» som fellestrådet hadde som tema i 2012 og i 2013.

Uttalane som kjem inn etter denne breie høyringsrunden skal grunnlag til for at Kyrkjemøtet kan handsame sak vdk. framtidig ordning for kyrkja våren 2016 med sikte på at det skal gjerast endringar i ulikt regelverk. Ein legg då til grunn at forvaltningsreforma for eit tydeleg skilje mellom stat og kyrkje då er gjennomført.

Høyringa tek ikkje sikte på å skildre ein modell eller løfta fram alle dei viktige elementa som ordninga for kyrkja skal handle om. Ein snevrar høyringa til å handsame dei spørsmåla der ein treng avklaring for det vidare arbeidet fram til forslag for ny kyrkjeordning. Visjonen for kyrkjeordninga fylgjer vedlagt (vedlegg 1).

Bakgrunn før høyringa

Kyrkjemøtet har tidlegare fatta fleire vedtak som legg føringar for arbeidet med kyrkjeordninga i framtida (etter at kyrkja har skilje lag frå staten). Viktigast er vedtaket frå 2013 der Kyrkjemøtet vedtok at «virksomhets- og arbeidsgiveransvar» skal overførast til eit nytt kyrkjeleg rettssubjekt, og at ein då trong ei ny rammelov for Den norske kyrkje. Kyrkjemøtet seier også at dei er opptekne av at «forståelsen av soknet som grunnenhet blir ivaretatt...»

Utgangspunktet for ny kyrkjeordning

Målet for den nye kyrkjeordninga er å legge tilhøva til rette for at kyrkja skal kunne utføre sitt oppdrag også med ny relasjon til staten. Kyrkjemøtet formulerte oppdraget slitt slik i 1994:
«Den norske kirkes overordnede mål er at den skal vere en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke.»

Dette vart ført vidare i DNK sitt visjonsdokument slik (2014):

«...som evangelisk-luthersk folkekirke skal være bekjennende, åpen, tjenende og misjonerende. Ved å ha disse kjennetegn, vil kirken vitne i ord og gjerninger om frelse, frihet og håp i Jesus Kristus.»

Kyrkjeordninga i Grunnlova

Grunnlova sin nye § 16 frå 2012:

«Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.»

Nærare reglar vert lagt i lov. Konsekvensen av dette er at DNK gikk frå å vere ei folkekyrkje med tette band til staten til å verte ei meir sjølvstendig folkekyrkje. Den norske kyrkje held altså fram med arbeidet med å finne forma si som folkekyrkje, både i eit lokalt og ei eit nasjonalt perspektiv. Det er denne viktige jobben sokneråd og fellesråd no er inviterte til å vere med på gjennom si høyringsuttale.

Som bakgrunn for sokneråd og fellesråd sine høyringssvar kan ein sjå på kyrkjerådet sine mellombelse vurderingar er teke inn i saka her og KA sine svar (vedlegg 2). KA er fellesrådet sin «organisasjon», og ein bør særleg legge vekt på deira svar i denne saka.

Høyringsspørsmål

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar:

Spørsmål 1 omhandlar i utgangspunktet oppgåvefordeling mellom dei kyrkjeleg nivåa på lokalt (sokneråd), regionalt (bispedømeråd) og nasjonalt (Kyrkjemøte) Kyrkjemøtet skal også i framtida vere DNK sitt øvste organ. Men korleis ein fordeler oppgåve og ansvar mellom dei ulike nivåa vil verte avgjort etter denne høyringa.

Mynde som fram til no har vore hos Kyrkjemøte, departement, regjering og storting vert no samla hos Kyrkjemøtet. Ei slik styrking av det sentrale/nasjonale nivået kan verte oppfatta som ei svekking av sokna, noko som ikkje er i tråd med at sokna som grunneining skal styrkast. Kyrkjerådet bed her om at høyringa kjem med innspel på kva type oppgåver som kan vere aktuelt å plassere på dei ulike nivåa. Ein må då merke seg at store endringar her kan føre til endring i finansieringsordninga (sjå spørsmål 2-4) vidare må ein sjå dette i samheng med spørsmål 7 (kyrkjeleg fellesorgan) og spørsmål 14 og 15 (bispedømerådet si rolle)

Kirkerådets foreløpige vurdering:

A: Et flertall i Kirkerådet mener at den nåværende oppgave- og myndighetsfordeling mellom de ulike nivåer og organer i hovedtrekk bør videreføres.

B: Et mindretall i Kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den lokale kirke styrkes.

C: Et annet mindretall i Kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den regionale kirke styrkes.

Spørsmål 2, 3 og 4 handlar om kyrkja sin økonomi i framtida.

2 Deler høyringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar:

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høyringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

I dag vert kyrkja finansiert gjennom løyving frå stat, kommunalt (ca. 2/3) og fond, stiftingar og gåver. Det offentlege utvalet som har vurdert tru- og livssynspolitikkk kom med framlegg om at DNK i framtida i større grad skulle likestillast med andre tru- og livssynssamfunn.

Departementet foreslår at den statlege finansieringa held fram som før, men i form av rammetilskott som kyrkjemøtet fordeler samt at den kommunale finansieringa av DNK held fram som før. Vidare vert det drøfta medlemsavgift (for medlemar av DNK), Livssynsavgift (for alle som er medlemar i eit tru- og livssynsamfunn) eller kombinasjon mellom offentleg finansiering

